

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval:	Kontrollutval - Naustdal kommune
Møtedato:	21.05.2014
Møtetid:	08.30
Stad:	Møterom Nord
Møtenr.:	2/2014
Innkalling:	Faste medlem i utvalet. Rådmann/økonomiansvarleg er kalla inn i sak 15/14, og revisor i sakene 15-16/14.
Melding til:	Ordførar (møterett), revisor (møterett) og varamedlem (varamedlem møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 /97170064 eller på e-postadresse: arva@sekom.no.

SAKLISTE

13/14 Godkjenning innkalling og sakliste.

14/14 Skriv og meldingar.

15/14 Årsrekneskap og årsmelding 2013 – Naustdal kommune


16/14 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring.

17/14 Oppfølgingsliste 2-2014 – Naustdal.

18/14 Eventuelt.

Naustdal, 9.5.2014

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -


Audhild Ragni Vie Alme
rådgjevar
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

13/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	21.5.2014	13/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

14/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	21.5.2014	14/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 04-14: Svarbrev datert 6.2.2014 frå Naustdal kommune til KRYSS-Revisjon: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald.
- SM 05-14: Brev datert 14.02.2014 frå Skatteetaten: Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Naustdal kommune.
- SM 06-14: Sak 005/14 Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Naustdal, handsama i kommunestyret 20.3.2014.
- SM 07-14: Sak 006/14 Vassverkavtalar – Oppfølging på sjølvkostområde - vatn, handsama i kommunestyret 20.3.2014.
- SM 08-14: Sak 007/14 Reglement – prosjektetablering Naustdal kommune – prosjektstyring og prosjektrekneskap, investeringsprosjekt, handsama i kommunestyret 20.3.2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:
Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.



SM 04-14

004/2014
07.02.2014
F. Uvostdal
misl.h. risiko 14
1433
T.F.

Sakshandsamar:
Øyvind Bang-Olsen
Telefon:
578 16 119
Vår ref.
ØBO/09/5-12/K1-210
Dykkar ref.

KRYSS-REVISJON
Postboks 487

6801 FØRDE

Dato:
06.02.2014

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald

Viser til dykkar skriv 13.01.14.
Svara er sette opp punktvis som i skrivet:

Spørsmål:

Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskapa kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald

Svar:

Rådmannen er ikkje kjent med at det ligg føre feil i rekneskapet som fylgje av misleghald.

Spørsmål:

Kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen - inkludert eventuelle betydelege risiko for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytt til rekneskapen, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald

Svar:

Vi har gjennom våre rutinar for "Rammebudsjettering, inkludert budsjett disiplin, delegasjon, bruk av administrative fullmakter og tiltak ved forventta overforbruk" lagt til rette for rett bruk av budsjettmidlar. Vidare gjennom "Innkjepsreglement for Naustdal" sikre korrekt handtering av innkjøp i høve til krav om anbod m.m. Dei generelle rekneskapsrutinane vil og vere med på å sikre at ikkje nokon urettvist tileignar seg eller andre midlar. Det vert kvar månad lage ein rekneskapsrapport som vert sendt formannskapet. Denne har vore handsama i kommunestyret etter 4, 6 og 8 månader. Tilvisingsretten er berre gitt til kommunal sjefane og seksjonsleiarane.

Spørsmål:

Kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Naustdal kommunestyre vedkomande slike prosessar

Svar:

Spørsmål vedkomande misleghald har vore tema i møte med kommunestyret. Tema etikk og korrupsjon var sett på dagsorden våren 2013. Det vart gjennomført eit seminar i etikk der kommunestyrar, kommunalsjefane og seksjonsleiarane tok del. Elles har kommunestyret gjeve rådmannen fullmakt til å bruke budsjettmidlar. Rådmannen står fritt med omsyn til vidaredelegasjon.

Spørsmål:

Kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd

Svar:

Det gjennomført utviklingssamtaler med kvar einskild seksjonsleiar. Vi har fokusert på leiing, kommunikasjon, samarbeid og verdiar. Elles har vi faste møter med seksjonsleiarane, hovudtillitsvalde og faste møter med økonomikontoret. Det vart starta opp eit arbeide med internkontroll vedkomande «Informasjonssikkerheit» jfr. Personopplysningslova. Datatilsynet har i skriv 28.08.2013 m.a. skrevet slik: »I brev av 12.august 2013 har Naustdal kommune dokumentert at det er gjennomført en prosess med å etablere og at det er implementert en tilfredsstillende internkontroll i kommunen.»

Spørsmål:

Om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktisk, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen.

Svar:

Rådmannen kjenner ikkje til at det har føregått eller foregår misleghald frå tilsette si side eller at det har kome påstandar om slikt misleghald.

Spørsmål:

Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleg heiter som kan knytast til *relasjonar til nærstående partar* og transaksjonar med desse:

- kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året.

Svar:

Ole Erik Thingnes – tilsett i NBN Instalasjon a/s
Harald Kvame (styreleiar) Steinar Kvame (dagleg leiar) i Entreprenør firmaet H. Kvame.

- kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og

Svar:

Desse er kommunestyrerepresentantar i Naustdal kommune.

- korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane

Svar:


Desse har i den seinare tid ikkje vore engasjert i større ordre. Dei representerer ein av to/tre firma kommunen nytter. Dei vert nytta på mindre einskildoppdrag. Dei er aktuelle fordi dei kan ta på seg oppdrag umiddelbart.

Rådmannen har ikkje kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleg heiter som kan knytast til transaksjonar med desse.

Med helsing



Per-Kristian Langlie
spesialrådgjevar



Øyvind Bang-Olsen
-Rådmann-



SM 05-14

Kommunestyret i Naustdal kommune
Postboks 43
6806 Naustdal

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Naustdal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar. Sum årsverk gjeld totalt på skatteoppkrevjarkontoret i Førde som omfattar kommunane Gaular, Førde og Naustdal:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
5,15	5,35	5,35

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Naustdal kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 218 063 950 og utestående restansar² på kr 4 706 834, av dette krav stilla på vent kr 504 178. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Naustdal kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	5,6	91,8	94,0	97,8	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	19,2	99,8	99,9	99,9	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	12,7	98,6	98,8	97,7	99,3
Forskotsstrekk 2012	47,4	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	2,4	100,0	99,6	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	1,8	100,0	99,9	99,9	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Naustdal kommune er tilslutta det interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
72	4	3	4,2	4,5	4,2	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området intern kontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 22. – 24. oktober 2013.

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*


På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer. Omfanget på 4,2 % ligg nært opp til resultatkravet på 5%.


6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 19. november 2013.

Skatt vest gjennomførte møte i Sogn og Fjordane 19. september 2013 hvor skatteoppkrevjere og rådmenn var invitert. Temaet var fremtidig samarbeid om arbeidsgiverkontrollen. Skatteoppkrevjar Evert Are Havn var representert på møte. Ingen møtte frå kommunal leing i Naustdal kommune.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrolleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Naustdal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Naustdal kommune
- Riksrevisjonen

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SM 06-14

SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
KOMMUNESTYRET	20.03.2014	005/14	RK

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1-210	Arkivsaknr
	Objekt:	14/133
	Avgjerd av:	

Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Naustdal

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.02.2014	Sekom-sekretariat	Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Naustdal

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Det vert synt til årsmeldinga frå kontrollutvalet.

Vurdering:

TILRÅDING:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent.

20.03.2014 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

NAUSTDAL KOMMUNE
SAKSUTGREIING

SM 07-14

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
KOMMUNESTYRET	20.03.2014	006/14	RK

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 10/385
	Avgjerd av:	

VASSVERKAVTALAR - OPPFØLGING PÅ SJØLVKOSTOMRÅDE -
VATN

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	26.11.2012	Sekom - sekretariat	Revisjonsrapport - vurdering av vassverkavtalar
5	I	13.02.2014	Sekom-sekretariat	Vurdering av vassverkavtalar - oppfylgjing revisjonsrapport
6	S	12.03.2014		VASSVERKAVTALAR - OPPFØLGING PÅ SJØLVKOSTOMRÅDE - VATN

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Denne saka har ved ein feil ikkje vorte lagt fram for kommunestyret til handsaming. Saka var første gang handsama i kontrollutvalet 03.11.2012.

Som vedlegg i saka følger revisjonsrapport av 19.11.2012 frå KRYSS-revisjon.
Rapporten er unnateke offentlegheit.

Vurdering:

Dette er ei komplisert sak som har vore under arbeid i lenger tid. Rådmannen meiner det er naudsynt å få ei ytterlegare utgreiing av dei juridiske sidene av dei aktuelle avtalene, og vil arbeide vidare med det.

TILRÅDING:

Kommunestyret viser til rapporten «Vurdering av vassverksavtaler» utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19. november 2012.
Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande.

20.03.2014 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SM 08-14

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	06.03.2014	011/14	RK
KOMMUNESTYRET	20.03.2014	007/14	RK

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1-211, K3- &00, K3-&40 Objekt:	Arkivsaknr 14/129
	Avgjerd av:	

Reglement - prosjektetablering Naustdal kommune - prosjektstyring og prosjektrekneskap, investeringsprosjekt

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	13.02.2014	Sekom-sekretariat	Rutinar for investeringsprosjekt i Naustdal kommune
1	I	13.02.2014	Kalland Rolf	Reglement prosjektetablering Naustdal kommune - vedtak K-sak 73/10
5	U	25.03.2014	Sekom-sekretariat	Rutinar for investeringsprosjekt i Naustdal kommune

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ber om at det vert fremja sak om godkjenning av rutiner for investeringsprosjekt i Naustdal kommune.

Utvalet ønskjer også følgjande endringar i 2 av punkta:

- 2.7 Plan og byggenemnda femjar revidert prosjektrekneskap og evaluering av prosjektet når dette er å sjå som heilt avslutta. Rekneskap og sluttrapport som har ein totalkostnad over kr. 500.000,- skal **leggast fram for kontrollutvalet før handsaming i kommunestyret.**
- 2.9 Det vert laga handbok for investeringsprosjekt og oppfølging **innan 30.06.2014.**

Vurdering:

Rådmannen har ikkje merknad til presiseringa i pkt. 2.9 om at rekneskap og rapport skal leggast fram for kontrollutvalet før handsaming i kommunestyret.

Når det gjeld framlegget om ny frist for utarbeiding av handbok ser rådmannen at ein i noverande arbeidssituasjon vil ha vanskar med å legge fram slik handbok innan 30.06.14. Rådmannen ber om at denne fristen vert sett til innan 31.12.2014.

TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner framlegg til rutiner for investeringsprosjekt slik det ligg føre med kontrollutvalet sitt framlegg til endring av pkt. 2.7.
Frist for utarbeiding av handbok vert sett til 31.12.2014.

06.03.2014 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Asbjørn Djupvik

20.03.2014 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken

15/14 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013 - NAUSTDAL KOMMUNE

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal Formannskapet Kommunestyret	21.5.2014	15/14	Nei Nei Ja

Saksvedlegg.

Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Naustdal kommune

Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2014.

Revisorbrev i samband med årsrevisjon 2013 frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2014.

Årsrekneskap og årsmelding 2013 for Naustdal kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Naustdal kommune datert 21.05.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttalet til kommunestyret:

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013 - NAUSTDAL KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2013 for Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet gje uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret, og formannskapet skal ha kopi av uttalen, før dei gjer si innstilling til kommunestyret. Revisjonsmelding, årsmelding og rekneskape ligg til grunn for uttalen som følgjer vedlagt.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet, og dei er budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Naustdal

UTKAST

Naustdal, 21.05.2014

Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Naustdal kommune

Årsrekneskapen 2013 for Naustdal kommune er handsama i kontrollutvalet i Naustdal 21.05.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:
Årsrekneskapen 2013 for Naustdal kommune.
Årsmelding 2013 frå rådmannen.
Revisjonsmeldinga frå KRYSS-Revisjon datert 15.04.2014.

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr 5.387 mill. Rådmannen si årsmelding gjer greie for avvika.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr 4.554 mill.

Ved meirforbruk i drift og investering, er det kommunestyret som vedtek inndekking.

Det har ikkje vore lagt fram prosjektrekneskap for kontrollutvalet i 2013 slik reglementet til Naustdal kommune krev, sjå omtala under atterhald i revisjonsmeldinga. Kontrollutvalet har sidan 2010 etterlyst prosjektrekneskap for ferdigstilte byggeprosjekt, og administrasjonen må legge dette fram i 2014.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga og kommentarane til årsrekneskapen frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga, der revisor har eitt atterhald og to presiseringar til rekneskapen.

Med revisor sitt atterhald og presiseringar meiner kontrollutvalet at rekneskapen 2013 for Naustdal kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Randi Elvebakk Reiakvam
- leiar -

Elin Schei Stuhaug
- nestleiar -

John Bendiksen

Inge Kalland

Øystein Garfors

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

6800 Førde

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode :
Revidert rekneskap 210&14

Journalnr.: 014/2014 Dokumentdate: 15.04.2014

SEKOM-sekretariat	
28. APR. 2014	
J.nr.	2 16/14
Saksh.arkiv	Arkiv
U.off. etter	


ÅRSREKNESKAPEN 2013 - NAUSTDAL KOMMUNE -
OVERSENDING AV REVISJONSMELDING - NAUSTDAL KOMMUNE

Vedlagt oversendast revisjonsmeldinga for Naustdal kommune for 2013.
Vi går ut frå at administrasjonen oversender den opptrykte rekneskapen og årsmeldinga for 2013 i nødvendige eksemplar til sekretariatet.
Vi ber om at de tek rekneskapsaka til handsaming i kontrollutvalet.

Førde, 15. april 2014

kopi: ordførar
rådmann
leiar rekneskap-skatt

Med helsing


Kari Haheim Sygna
Kommunerevisor 1
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Naustdal kommune
v/ kommunestyret

kopi:

kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
//rev.mld. Naustdal 2013 216 014/2014 15.04.2014

REVISJONSMELDING 2013.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Naustdal kommune per 31.12.2013 som syner eit negativt netto driftsresultat på kr 4.692.441,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit meirforbruk på kr 5.387.162,- som det ligg til kommunestyret å finne budsjettdekning for.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 4.554.424,- som det ligg til kommunestyret å finansiere i 2014.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Naustdal kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge, jf. atterhald og presiseringar nedanfor.

Atterhald:

- Det er ikkje lagt fram prosjektrekneskap, slik det er stilt krav om i Naustdal kommune sine reglement. Dette gjer at revisor er avskoren frå å uttale seg om slike. Revisjonen har tidlegare teke forholdet opp skriftleg med administrasjonen og det har vore påpeika i revisjonsmeldingane dei siste åra. Det er vår vurdering at kommunen bør forsere arbeidet med å kvalitetssikre rutinane kring ferdigstilling og framlegging av slutførte byggjeprojekt.

Presiseringar:

- Vi syner til framlagd balanserekneskap per 31.12.2013 som syner negativt beløp på linja for «kasse,postgiro,bankinnskot» med kr 784.865,-. Revisjonen gjer merksam på at kassekreditt, med limit i 2013 på kr 10 mill., per 31.12.2013 er nytta med kr 9.023.618,05 utan at kontoen er klassifisert som kortsiktig gjeld. Forholdet påverkar totalsummene for både eigendelar og gjeld.
- Revisjonen gjer merksam på at balansepostar som gjeld pensjonsføring framstår med avvik. Etter det vi har avklara har forholda ikkje resultatverknad i 2013. Vi oppmodar om gjennomgang og avstemming av alle konto som gjeld pensjon.

Uttale om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett, jf. likevel vårt atterhald nedanfor.

Atterhald:

Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47, omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering.

Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Naustdal kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førdemunicipaliteten
Ytre Sogn og Sunnfjord
487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS REVISJON
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kari Håheim Sygna
Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

Naustdal kommune
v/ rådmann

SEKOM-sekretariat	
28. APR. 2014	
J.nr.	2014/17/14
Saksh.	Arkiv
Vår ref.:	U.off. etter Arkivkode: Journalnr.:
//revisorbrev. Naustdal 2013	216 021/2014

kopi: kontrollutval

Dykkar ref.:

Vår ref. //revisorbrev. Naustdal 2013

Dokumentdato:
15.04.2014

Revisorbrev i samband med årsrevisjon 2013.

Vi har avslutta revisjonsarbeidet for år 2013, og revisjonsmelding er datert i dag. Revisjonsmeldinga er skriven med atterhald som gjeld mangel på ferdigstilte og framlagde prosjektrekneskap. Revisjonsmeldinga inneheld to presiseringar, som gjeld klassifisering av kassekredittkonto, samt oppmoding om å avstemme alle balansepostar som gjeld pensjon. På bakgrunn av budsjettavvik i både drifts og investeringsrekneskapen, har revisjonen eit atterhald under konklusjon om budsjett. Vi registrerer at rådmannen i si årsmelding har forklart fleire budsjettavvik.

Revisjonsarbeidet har avdekkja følgjande forhold, som etter vår oppfatning er feil.

For lite kostnadsført premieavvik, bilag 11302926 kr 84.822,-
Tapsført tilskot, ref. tilsagn om tettstadmidlar 2008 kr 200.000,-
trass i at det syner seg at tilskotsmidlane er blitt utbetalte i 2013.
Ref. krav om å inntektsføre 80 % av momskompensasjon
som gjeld investering, i investeringsrekneskapen. Forlite overført kr 17.600,-
Den samla konsekvensen for årsrekneskapen ved korrigering i 2013 ville bli kr 132.778,- i betra
resultat. Revisjonen er kjend med at retting blir foreteke i 2014.

Førde kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef

Kari Håheim Sygna
Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltilf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltilf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltilf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltilf. 47 65 50 93

1000 Naustdal kyrkjegard . Reidskapshus, 2010

39000 Den norske kyrkja

2302 Byggetenester	292 357,60	21 698	18 999,20
3700 Kjøp av tenester frå andre (private)	24 000,00	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	79 089,40	0	4 749,80
5300 Dekning av tidl. års udekka	0,00	20 302	20 302,36
9700 Overføringer frå driftsrekneskapet	-47 453,64	0	-3 799,84
9800 Rekneskapsmessig meirforbruk	-20 302,36	0	0,00
Sum teneste:	327 691,00	42 000	40 251,52

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-327 691,00	-42 000	-40 251,52
Sum teneste:	-327 691,00	-42 000	-40 251,52

Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
----------------------	-------------	----------	-------------

1001 KLP

87000 Renter/utbytte og lån

5290 Kjøp av aksjar og andelar	73 094,00	0	78 974,00
9480 Bruk av ubundne investeringsfond	-73 094,00	0	-52 835,80
9580 Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0	-26 138,20
Sum teneste:	0,00	0	0,00

Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
----------------------	-------------	----------	-------------

1002 Formidlings-/startlån

28320 Tilskot og formidlingslån frå Husbanken

5109	Avdragsutgifter m/spes	1 048 911,00	0	0,00
5209	Utlån m/spes	6 776 082,00	0	2 868 512,00
5300	Dekning av tidl. års udekka	0,00	582 364	582 364,00
5500	Avsetnader til bundne fond	874 981,00	0	133 759,00
9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-6 776 082,00	0	-2 868 512,00
9208	Mottekne ekstraordinære avdrag på utlån	-874 981,00	0	-133 759,00
9209	Mottekne avdrag på utlån m/spes	-350 998,00	0	-328 101,00
9480	Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	0	-397 462,48
9580	Bruk av bundne investeringsfond	-1 048 911,00	-582 364	-1 519 982,52
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	-582 364,00	0	0,00
	<i>Sum teneste:</i>	-933 362,00	0	-1 663 182,00

87000 Renter/utbytte og lån

5109	Avdragsutgifter m/spes	933 362,00	0	1 663 182,00
	<i>Sum teneste:</i>	933 362,00	0	1 663 182,00
	<i>Sum prosjekt:</i>	0,00	0	0,00

1006 IKT administrasjon

12000 Administrasjon

1950 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	36 000,00	0	0,00
2000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	59 107,00	0	0,00
3700 Kjøp av tenester frå andre (private)	3 375,00	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	9 843,75	0	0,00
9700 Overføringar frå driftsrekneskapet	-5 906,25	0	0,00
Sum teneste:	102 419,50	0	0,00

12052 IKT

2000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	27 708,00	0	0,00
2700 Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)	75 564,00	0	0,00
3500 Kjøp av tenester frå kommunar	93 209,00	0	0,00
3700 Kjøp av tenester frå andre (private)	14 800,00	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	329,50	0	0,00
5300 Dekning av tidl. års udekka	0,00	106 935	106 934,54
9700 Overføringar frå driftsrekneskapet	-197,70	0	0,00
9800 Rekneskapsmessig meirforbruk	-106 934,54	0	0,00
Sum teneste:	104 478,26	106 935	106 934,54

12053 Interkommunalt IKT-samarbeid

2000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	10 271,81	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	681,70	0	0,00
9700 Overføringar frå driftsrekneskapet	-409,02	0	0,00
Sum teneste:	10 544,49	0	0,00

12058 SYS (Interkommunalt IKT-samarbeid)

2000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	10 000,00	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	2 500,00	0	0,00
9700 Overføringar frå driftsrekneskapet	-1 500,00	0	0,00

Prosjekt Teneste/Konto	Rekneskap 12	Budsjett 13	Rekneskap 13
<i>Sum teneste:</i>	11 000,00	0	0,00
12059 Sak/Arkiv/Portal (Interkommunalt IKT-samarbeid)			
1957 Lisensar	2 500,00	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	-2 500,00	0	0,00
9700 Overføringer frå driftsrekneskapet	1 500,00	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	1 500,00	0	0,00
87000 Renter/utbytte og lån			
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-229 942,25	-106 935	-106 934,54
<i>Sum teneste:</i>	-229 942,25	-106 935	-106 934,54
<i>Sum prosjekt:</i>	0,00	0	0,00

1008 Grunnkjøp sentrum 2010

30300 Kart og oppmåling

1954 Gebyr	0,00	0	31 516,00
9800 Rekneskapsmessig meirforbruk	0,00	0	-31 516,00
<i>Sum teneste:</i>	0,00	0	0,00
<i>Sum prosjekt:</i>	0,00	0	0,00

1009 Oppgradering IKT

12000 Administrasjon

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	9 840,00	0	0,00
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	2 750,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	3 147,50	0	0,00
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-1 888,50	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		13 849,00	0	0,00

12052 IKT

1500	Opplæring, kurs/seminar	5 970,00	0	0,00
2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	185 207,00	0	0,00
2400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenester	24 329,00	0	0,00
3500	Kjøp av tenester frå kommunar	9 254,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	2 121,50	0	0,00
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-1 272,90	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		225 608,60	0	0,00

87000 Renter/utbytte og lån

9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-239 457,60	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		-239 457,60	0	0,00
<i>Sum prosjekt:</i>		0,00	0	0,00

1010 Nytt telefonisystem

12052 IKT

3500 Kjøp av tenester frå kommunar	0,00	0	86 575,00
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0,00	0	-86 575,00
Sum teneste:	0,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

1011 Oppdatering av planar for utviding av kyrkjegarden

39000 Den norske kyrkja

4800 Overføring til føretak og verksemder/særrekneskap	150 000,00	0	0,00
Sum teneste:	150 000,00	0	0,00

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-150 000,00	0	0,00
Sum teneste:	-150 000,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

1012 Aksjar Sunnfjordtunnelen

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	139 047,00	0	0,00
Sum teneste:	139 047,00	0	0,00

88000 Interne finansieringstransaksjonar

5300 Dekning av tidl. års udekk	-139 047,00	0	0,00
Sum teneste:	-139 047,00	0	0,00

Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
----------------------	------	---	------

1013 Førdepakken

33000 Samferdsleverksemder/transporttiltak

5290 Kjøp av aksjar og andelar	102 000,00	0	0,00
Sum teneste:	102 000,00	0	0,00

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-102 000,00	0	0,00
Sum teneste:	-102 000,00	0	0,00

Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
----------------------	------	---	------

1014 Politicarportal

10000 Politisk styring

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	126 741,70	0	9 372,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	27 746,68	0	2 343,00
5300	Dekning av tidl. års udekka	0,00	29 177	29 177,17
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-16 648,01	0	-1 874,40
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	-29 177,17	0	0,00
Sum teneste:		108 663,20	29 177	39 017,77

12000 Administrasjon

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	19 723,00	0	805,00
2001	Inventar og utstyr	6 354,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	6 519,25	0	201,25
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-3 911,55	0	-161,00
Sum teneste:		28 684,70	0	845,25

12052 IKT

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	22 459,00	0	4 980,00
2001	Inventar og utstyr	29 952,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	13 102,75	0	0,00
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-7 861,65	0	0,00
Sum teneste:		57 652,10	0	4 980,00

87000 Renter/utbytte og lån

9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-195 000,00	-29 177	-44 843,02
Sum teneste:		-195 000,00	-29 177	-44 843,02

Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
----------------------	------	---	------

1020 Ombygging kommunehuset

12000 Administrasjon

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	0	45 064,80
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0,00	0	11 266,20
9700	Overføringer fra driftsrekneskapet	0,00	0	-9 012,96
Sum teneste:		0,00	0	47 318,04

13000 Administrasjonslokale

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	0	127 666,40
2302	Byggetenester	4 805,00	0	186 942,40
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	1 201,25	0	78 652,20
9700	Overføringer fra driftsrekneskapet	-720,75	0	-62 921,76
Sum teneste:		5 285,50	0	330 339,24

87000 Renter/utbytte og lån

9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-5 285,50	0	-377 657,28
Sum teneste:		-5 285,50	0	-377 657,28

Sum prosjekt:		0,00	0	0,00
----------------------	--	------	---	------

1022 Arbeidstidsregistreringsystem (Tieto)

12052 IKT

100 Fast løn	0,00	0	158 587,00
903 Pensjonsinnskott - KLP	0,00	0	29 134,00
990 Arbeidsgjevaravgift	0,00	0	22 221,00
3500 Kjøp av tenester frå kommunar	3 762,00	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	<u>3 762,00</u>	<u>0</u>	<u>209 942,00</u>

12053 Interkommunalt IKT-samarbeid

2000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	108 606,00	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	<u>108 606,00</u>	<u>0</u>	<u>0,00</u>

25490 Praktisk bistand i eigen bustad

100 Fast løn	91 462,66	0	0,00
400 Overtidsløn	0,00	0	3 969,10
903 Pensjonsinnskott - KLP	16 555,84	0	0,00
990 Arbeidsgjevaravgift	11 739,96	0	420,73
1500 Opplæring, kurs/seminar	310,00	0	0,00
1600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	0,00	0	1 563,90
<i>Sum teneste:</i>	<u>120 068,46</u>	<u>0</u>	<u>5 953,73</u>

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-232 436,46	0	-215 895,73
<i>Sum teneste:</i>	<u>-232 436,46</u>	<u>0</u>	<u>-215 895,73</u>

<i>Sum prosjekt:</i>	<u>0,00</u>	<u>0</u>	<u>0,00</u>
----------------------	-------------	----------	-------------

1023 Deltaking i kystvegen

28500 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

5290	Kjøp av aksjar og andelar	0,00	0	100 000,00
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0,00	0	-100 000,00
	Sum teneste:	0,00	0	0,00
	Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

1024 IKT Felles

12000 Administrasjon

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	0	42 286,86
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0,00	0	10 571,72
9700	Overføringer fra driftsrekneskapet	0,00	0	-8 457,38
	Sum teneste:	0,00	0	44 401,20

12052 IKT

1500	Opplæring, kurs/seminar	0,00	0	23 400,00
1957	Lisensar	0,00	0	11 398,00
2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	1 738 888	267 271,60
2001	Inventar og utstyr	0,00	0	3 984,00
3500	Kjøp av tenester fra kommunar	0,00	0	31 237,00
3700	Kjøp av tenester fra andre (private)	0,00	0	28 252,33
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0,00	0	40 994,98
9700	Overføringer fra driftsrekneskapet	0,00	0	-32 795,98
	Sum teneste:	0,00	1 738 888	373 741,93

87000 Renter/utbytte og lån

9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0,00	-1 738 888	-418 143,13
	Sum teneste:	0,00	-1 738 888	-418 143,13
	Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

Prosjekt Teneste/Konto	Rekneskap 12	Budsjett 13	Rekneskap 13
1025 Innbetaling av unyttta lånemidler			
87000 Renter/utbytte og lån			
5109 Avdragsutgifter m/spes	1 383 334,29	0	0,00
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-1 383 334,29	0	0,00
Sum teneste:	0,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
1027 Overføring av fallrettar-Stakaldefossen			
32020 EI-forsyning			
5480 Avsetnader til ubundne investeringsfond	0,00	0	1 745 687,50
6700 Sal av fast eigedom - investeringsrekneskapet	0,00	0	-1 745 687,50
Sum teneste:	0,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
1028 Ekstraordinære avdrag 2013			
87000 Renter/utbytte og lån			
5109 Avdragsutgifter m/spes	0,00	0	12 500 000,00
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	0,00	0	-12 500 000,00
Sum teneste:	0,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

<i>Prosjekt Teneste/Konto</i>	<i>Rekneskap 12</i>	<i>Budsjett 13</i>	<i>Rekneskap 13</i>
1500 Ventilasjon Lunden barnehage			
87000 Renter/utbytte og lån			
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-31 892,98	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	<u>-31 892,98</u>	<u>0</u>	<u>0,00</u>
88000 Interne finansieringstransaksjonar			
5300 Dekning av tidl. års udekk	31 892,98	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	<u>31 892,98</u>	<u>0</u>	<u>0,00</u>
<i>Sum prosjekt:</i>	<u>0,00</u>	<u>0</u>	<u>0,00</u>

1502 IKT skulesektor (IKT i administrasjon)

12000 Administrasjon

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	21 562,00	0	0,00
2300	Vedlikehold og byggtjenester	4 148,20	0	0,00
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	1 433,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	1 395,30	0	0,00
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	-837,18	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		27 701,32	0	0,00

12053 Interkommunalt IKT-samarbeid

2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	64 493,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	144,00	0	0,00
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	-86,40	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		64 550,60	0	0,00

12056 Skuleløysing (Interkommunalt IKT-samarbeid)

1700	Transport og drift av egne/leigde transportmiddel	1 032,00	0	0,00
1954	Gebyr	232,00	0	0,00
1957	Lisensar	6 605,92	0	0,00
2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	92 827,00	0	0,00
2405	Reparasjon av utstyr	3 920,00	0	0,00
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	5 444,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	12 338,23	0	0,00
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	-7 402,94	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>		114 996,21	0	0,00

20210 Administrasjon

1051	Lærebøker	17 000,00	0	0,00
2001	Inventar og utstyr	26 220,00	0	0,00
2300	Vedlikehold og byggtjenester	17 330,20	0	0,00
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	4 530,00	0	0,00

Investeringsrekneskapen 2013 - Naustdal kommune

Prosjekt Teneste/Konto	Rekneskap 12	Budsjett 13	Rekneskap 13
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	19 495,05	0	0,00
9700 Overføringer fra driftsrekneskapet	-11 697,03	0	0,00
Sum teneste:	72 878,22	0	0,00
87000 Renter/utbytte og lån			
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-280 126,35	0	0,00
Sum teneste:	-280 126,35	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
1503 Kunstgrasbane			
38010 Drift- og vedlikehold av idrettsanlegg			
4700 Overføringer til andre (private)	632 000,00	0	883 000,00
8300 Overføringer fra fylkeskommunar	-632 000,00	0	-883 000,00
Sum teneste:	0,00	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00
1504 Rampen ungdomsklubb 2009			
87000 Renter/utbytte og lån			
9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-7 495,70	0	0,00
Sum teneste:	-7 495,70	0	0,00
88000 Interne finansieringstransaksjonar			
5300 Dekning av tidl. års udekk	7 495,70	0	0,00
Sum teneste:	7 495,70	0	0,00
Sum prosjekt:	0,00	0	0,00

1508 Planlegging av nybygg NBU

12000 Administrasjon

3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	4 013,33	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	1 003,33	0	0,00
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	-602,00	0	0,00
Sum teneste:		4 414,66	0	0,00

20210 Administrasjon

200	Løn til vikarer	736,97	0	19 169,24
400	Overtidsløn	32 988,06	0	0,00
902	Pensjonsinnskot-spk	0,00	0	2 256,51
990	Arbeidsgjevaravgift	0,00	0	2 271,12
2701	Konsulenttenester	160 622,05	0	0,00
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	55 343,26	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	12 902,84	0	0,00
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	-7 741,70	0	0,00
Sum teneste:		254 851,48	0	23 696,87

20220 Undervisning i grunnskulen

400	Overtidsløn	0,00	0	204,33
990	Arbeidsgjevaravgift	75,89	0	21,66
Sum teneste:		75,89	0	225,99

87000 Renter/utbytte og lån

9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-259 342,03	0	-23 922,86
Sum teneste:		-259 342,03	0	-23 922,86
Sum prosjekt:		0,00	0	0,00

1513 Musikkbinge, 2010

38600 Kommunale kulturbygg

2306 Inventar og utstyr	42 000,00	0	0,00
2500 Materiale til påkostning og nybygg	1 404,87	0	0,00
3700 Kjøp av tenester frå andre (private)	13 957,48	0	0,00
4290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	14 201,54	0	0,00
9700 Overføringer frå driftsrekneskapet	-8 520,92	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	63 042,97	0	0,00

87000 Renter/utbytte og lån

9109 Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	-116 008,34	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	-116 008,34	0	0,00

88000 Interne finansieringstransaksjonar

5300 Dekning av tidl. års udekka	52 965,37	0	0,00
<i>Sum teneste:</i>	52 965,37	0	0,00

<i>Sum prosjekt:</i>	0,00	0	0,00
----------------------	------	---	------

1514 Prosjektstyring ny barnehage

12000 Administrasjon

3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	35 835,20	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	8 958,80	0	0,00
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	-5 375,28	0	0,00
Sum teneste:		39 418,72	0	0,00

20100 Førskule

3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	0,00	0	857 200,00
3702	Driftsavtalar	387 769,00	0	0,00
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0,00	0	1 800,00
9700	Overføringer frå driftsrekneskapet	0,00	0	-1 440,00
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	0,00	0	-962 328,25
Sum teneste:		387 769,00	0	-104 768,25

20150 Private barnehager

1950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	0,00	0	2 206,00
2302	Byggetenester	0,00	0	13 455,20
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	66 107,26	0	0,00
Det er vanleg å beskrive levekår ved hjelp av mål for enkeltpersoner sin situasjon på ei rekkje område. Det kan vere goder og individuelle ressursar som kvar einskild i ein viss grad bestemmer over sjølv, for eksempel inntekt, formue, kunnskap, helse og sosial omgang. Levekår har og ei kollektiv side og kan gjelde trekk ved nærmiljøet som tilgang til ulike offentlege og private tilbod, eit godt trafikkmiljø og tilgjenge til offentlige helse- og omsorgstilbod. Naustdal kommune er inne i endringsprosessar og har høge mål for samfunnsutviklinga og folkehelsa vert sett på som ein av dei sentrale bærebjelkane.

Folkehelsearbeidet

Folkehelseinstituttet utarbeider årleg eit folkehelsebarometer for den einskilde kommune og fylke, basert på rapporterte data. <http://www.fhi.no/helsestatistikk/folkehelseprofiler/finn-profil>

Januar-barometeret 2014 for Sogn og Fjordane syner gjennomsnittleg eller positiv score i høve til landsgjennomsnitt for dei fleste parametrane. Det same gjeld barometeret for Naustdal kommune. Størst negativt avvik syner parameter for personskaade handsama i sjukehus, og muskel- og skjelett sjukdom. Naustdal har og eit negativt avvik for trivsel i skulen, målt mellom 10.klassingar. Fråfall i vidaregåande skule er og større for Naustdal enn for dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane, sjølv om det berre så vidt er høgare enn landsgjennomsnittet.

Folkehelselova pålegg kommunane å ha oversikt over folkehelsa og fylgje opp med overordna tverrsektoriell planlegging for å fremje folkehelsa og setje i verk førebyggjande tiltak i tråd med statistiske data. Ved gjennomgang av status for folkehelsearbeidet i Naustdal kommune vil ein finne eit rikt utval av helse-fremjande aktivitetar i alle sektorane, både dei kommunale og dei friviljuge.

Nye aktivitetar i 2013

Det er starta opp Frisklivsentral, med tilbod til barn og vaksne gjennom motivering, rettleiing og tett oppfølging i høve livsstil og helse. Det er søkt og gjeve tilskot til to helsefremjande prosjekt, eit mot heimebuande eldre og eit mot foreldre.

Naustdal er ein del av nyoppretta folkehelseavdeling i Florø som har miljøretta helsevern som ansvarsområde.

Status

Det står att å forankre det strategiske folkehelsearbeidet politisk, der ein legg føringar for prioriteringar etter gjennomgang av statistiske data og kunnskap om kommunen sine folkehelseutfordringar.

Deltaking i «Sjumilsteget» set fokus på barnekonvensjonen og oppvekstvilkår. Kartlegging og utvikling av gode oppvekstvilkår der barn og unge sjølv medverkar er sentralt. Det vert viktig å forankre denne satsinga meir direkte i dei ulike sektorane, slik at barn og unge kan få eit endå større engasjement og eigarforhold til samfunnsutviklinga.

Planar i 2013

Ny helse- og omsorgsplan

Etter omfattande analyse- og plan- og høyringsprosessar vart Utviklingsplan for Helse og Omsorgssektoren vedteken i kommunestyret i juni 2013. Planen fyl opp sentrale føringar med tanke på auka vekt på helsefremjande og førebyggjande tiltak og fokus på «hjelp til sjølvhjelp».

Habiliteringsplan for barn og unge

Planen vart utvikla gjennom eit tverrfagleg prosjekt finansiert av helsedirektoratet, og er første steget for å rette opp avvik i høve lovpålagde koordinerande tenester til barn og unge med samansette vanskar og utfordringar.

2.3 Kulturbygda Naustdal – undring endrar

Gjennom *Kommunedelplan for kultur 2012-2015* er det politisk vedteke at «Alle i Naustdal skal ha tilgang til sosiale aktivitetar og kultur og fritidstilbod».

Kultur er nærmiljø og omgjevnader. Kultur er kunst, idrett, mat, minner og tradisjonar. Kultur er estetikk i natur, utforming og formidling.

I Naustdal er kultur ei grunnleggande drivkraft og endringsfaktor i samfunnsutviklinga. Dei siste åra har vi opplevd stor energi og vilje til å satse i kommunen vår. Frivillige og kulturbasert næring i kommunen har tatt initiativ til, og gjennomført, prosjekt som fremjar attraktive lokalsamfunn. Turstiar vert merka, skulpturar kjem til, kulturminne vert registrert, tilbod vert etablert og kommunen arbeider målretta med fysisk og kulturell planlegging.

Dei frivillige har energi for det lokale og for sin fritidsaktivitet. Kommunen er i posisjon til å sjå heilskapen i innsatsen ulike partar legg ned i Naustdal. Vi trur vi kan gje innbyggjarar og tilreisande eit breiare tilbod om vi fokuserer på potensialet som ligg i koplinga mellom dei ulike tiltaka og aktivitetane.

2.4 Landbruk, senter og bygdeutvikling

Gjennom dei siste ti åra har det funne stad ei gradvis folketalsnedgang i grendene. I denne perioden har sentrumskrinsane auka tilsvarande slik at folketalet er nokolunde stabilt i Naustdal.

I 2013 vart det betydeleg folkevekst i Naustdal med + 2,3 % auke. Dette var sterkaste folkeveksten i fylket dette året. Mykje tyder på at tilrettelegging av byggeareal i sentrum og Sæla no gjev gevinst. Naustdal sin planstrategi slår fast at ein framover skal prioritere gjennomføring av overordna planar i sentrum og støtte lokalt utviklingsarbeid i grendene

Kommunedelplan Vevring og Grend+ prosjekt er viktige stikkord. Nedanfor følgjer ei samla oversikt over utviklingsarbeidet i grendene i 2013:

Stikkord for 2013:

- Øvre Naustdal Utmarkslag har gjennom året lagt ned mykje arbeid i tilrettelegging av ferdsel til Landskapsvernområdet. Dei deltek også i prosjekt som gjeld næringsutvikling basert på ressursane i verneområdet.
- BU prosjekt Instedalen har nær fullført arbeidet med trimrom, stimerking og gardsnavnmerking.
- Naustedalens reiselivsnettverk er over i driftsfase. Har filma for å lage reklamefilm.
- Dalen Næringsssenter har gjennomført sitt første heile driftsår.
- Grend+ Midtredalen er starta opp
- Naustaprojektet er inne i hovedprosjekt med fokus på utvikling av forvaltning, næringsutvikling og organisasjonsarbeid. Det har vore gjort konkrete tiltak i laksetrappa i Hovefossen og utgreiing av bygging av trapp i Kallandsfossen.
- Det er gjennomført ei reiselivsstudie for Naustdal med god deltaking frå reiselivsbedriftene.
- Grend+ prosjekt på Helle er starta opp
- Det er utført ei analyse for Vevring sentrumsområde.
- Stimerkingsprosjektet «over stokk og stein» nærma seg fullføring i 2013
- Det er under planlegging 6 ulike skogsbilvegar i kommunen.
- Så langt vi veit vert det jobba med to prosjekt for robotfjøs i kommunen.

2.5 Natur, miljø og klima

Naustdal kommune har eit stort ansvar for å forvalte kommunen sine areal. Samstundes som kommunen si drift av bygningar og anlegg også medfører ansvar og moglegheiter for å ta ansvar for natur klima og miljø. Også i 2013 kunne ein registrere tendens til meir ekstremt vær. Det kommunale veg og avløpsnett fekk utfordringar både med lang kuldeperiode tidleg på vinteren og seinare episodar med ekstrem nedbør. Teknisk utedrift har jobba kontinuerleg for å handtere og førebyggje hendingar og dette må arbeidast vidare med framover.

Stikkord for 2013:

- Vassområde Sunnfjord – Naustdal deltek i dette prosjektet for å sikre felles forvaltning av vassressursane. Tiltaksanalyse vart utarbeida 2013 og oversendt fylkesmannen.
- Naustdal Gjengedal landskapsvernområde – Naustdal deltek i styret for området og fondet. Kommunen støttar og opp om Utmarkslaget sitt arbeid for utvikling i området.
- Naustaprojektet – kommunen deltek saman med Sunnfjord næringsutvikling og Elveigarlaget for utvikle heilskapleg forvaltning av elva og lakseressursen.
- Hovudplan for kommunal veg - administrativt arbeid starta i desember
- Oppfølging av ENØK plan – ulike mindre enøktiltak gjennomført ved byggvedlikehald
- I alle kommunen sine byggjeplanarbeid i 2013 er det sett fokus på å byggje energisparande.
- Områdeplan Sæla vart godkjent med føresegner om vassboren varme.
- Ny gangbru over Nausta i sentrum vart ferdig utgreidd i 2013. Brua skal bidra til enklare og tryggare ferdsel med sykkel og til fots mellom bustadområde og sentrumsområde med handel, offentlege tenester, kollektivknutepunkt og fritidstilbod.

2.6 Næringsareal og næringsutvikling

Kommunedelplanen for landbruk og bygdeutvikling skisserer nokre satsingsområde innan matproduksjon, skogbruk og andre utmarksnæringer, reiseliv og produksjon av oppleving, samt «Inn på tunet». Fleire av desse satsingane vert det arbeidd aktivt med gjennom partnerskap med nettverk og aktørar som ynskjer å satse. Mellom anna har kommunen ein eigen prosjektleiar for «Inn på tunet» og kommunen er aktivt med i prosjektet «reiselivsstudie» og «Naustaprojektet». Det er på området matproduksjon det er minst organisert utviklingsaktivitet. Dette skuldast både manglande ressursar i kommunen og manglande organisering av utviklinga frå aktørane si side. Her kunne ein med litt innsats frå begge partar utløyst eit større potensiale enn i dag.

Naustdal kommune har ikkje hatt tradisjonar for å leggje til rette nærings-areal. Kommuneplanen/områdeplanlegging er rette grep for å ta første steg, med områderegulering som påfølgjande prosess. Utvikling av næringsareal handlar også om marknadsarbeid og kva kommunen kan tilby overfor små- og mellomstore bedrifter i Sunnfjord.

Naustdal kommune har sett seg som mål å leggje til rette for 100 arbeidsplassar innan 5 år. Det vert sett i gang arbeid med kommunedelplan på Jonstad/Skei med hovudvekt på næring i løpet av kort tid. Arbeid med planen vil ta 3 år. Kommunen har engasjert seg i det nye Sunnfjord Næringsutvikling, og aukar engasjementet i selskapet saman med næringslivet og dei andre kommunane i Sunnfjord. Planprosessen er ikkje igangsett. Naustdal kommune vil arbeide for å opprette eit nærings- og tomteselskap som skal arbeide opp næringsareal.

Naustdal kommune vil arbeide mot realisering av næringspotensiale ved eit positivt vedtak til Engebø-prosjekt.

2.7 Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunen er ein stor arbeidsgjevar med ein kompleks organisasjon som produserer eit stort spekter av ulike tenesteytingar. Samla personalkostnader for omlag 200 årsverk og 300 tilsette utgjer nesten 75 % av kommunen sitt driftsbudsjett. Det er såleis særdeles viktig å ha ein effektiv og rasjonell organisasjon med naudsynt kompetanse innan dei ulike fag og tenesteområder.

Vi har i stor grad klart å rekruttere ny kompetanse innan dei fleste fagområder. Behovet for å utvikle og fornye kompetansen er stort, men etter som dei økonomiske rammene i økonomiplanperioden ikkje gjev særleg rom for å opprette nye stillingar, må vi i stor grad basere oss på å utvikle den organisasjonen vi har.

Det er stor interesse mellom dei tilsette for å tileigne seg ny kompetanse. Det er då viktig at vi kan legge til rette for ei planretta satsing på kompetanseheevande tiltak.

Det er likevel slik at vi på enkelte områder ser at kampen om arbeidskraft kan bli vanskeleg. Denne utfordringa vil vi truleg møte spesielt innanfor helse- og omsorgssektoren. Kommunen

har alt sett i verk tiltak for å møte denne utviklinga, m.a. ved å innføre økonomiske stimulerings tiltak for aldersgruppa 62-65 år. Kommunen har også teke inn lærlingar i helsefag.

Kommunen har over tid arbeidd med å redusere uønska deltid. Vi har også i 2013 auka opp fleire stillingar når ledige ressursar har gjort dette mogleg.

Kommunen har i 2013 hatt ein del større utfordringar i administrasjonen med vakante leiarstillingar og der av omfordeling av arbeidsoppgåver. Dei tilsette har synt stor fleksibilitet og vilje til å løyse utfordringane.

Kommunen har dei siste åra hatt ein reduksjon i sjukefråværet. Tala for 2013 syner eit fråvær på 8,5% mot 9,3 i 2012. Denne nedgangen er sjølvstøtt positiv, men rådmannen ser at vi framleis har store utfordringar med høgt sjukefråvær på enkelte områder. Vi held difor fram arbeidet som vart starta opp i 2012 der vi i samarbeid med Bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter prøver å finne gode løysingar som kan føre til ytterlegare reduksjon i fråværet.

Kommunen har elles gode rutiner for oppfølging av sjukmelde og vil jamnleg ha dette temaet på dagsorden i forhold til leiarar, tillitsvalde og tilsette.

<u>SJUKEFRÅVÆR</u>	
Sentraladministrasjonen	6,5
NAV - kommunal del	5,4
Teknisk drift	6,3
Vevring barnehage	10,5
Naustdal sjukeheim	9,8
Heimesjukepleie/heimehjelp	18,6
Naustdal barne- og ungdomsskule	6,4
Vevring skule	2,4
Dalen skule	5,3
Fysikalsk avdeling	7,4
Lunden barnehage	11,1
Legetenesta	5,9
HFF - Gardsbøen	10,0
Plan og næring	4,0
Helsestasjon	5,1
SFO - Naustdal barne- /ungd.skule	16,9
Psykiatrisk dagsenter	1,5
Samla	8,5 (9,3 i 2012)

Ordninga med frikjøp av hovedtillitsvalde er eit viktig element i samarbeidet mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar.

Pr. i dag har Utdanningsforbundet, Fagforbundet, og Norsk Sykepleierforbund delvis frikjøp av sine hovedtillitsvalde.

Vi ser to hovedutfordringar for kommunen som arbeidsgjevar dei næraste åra. For det første må vi satse på å skape ein lærande organisasjon som kan medverke til at vi løyser stadig meir

krevjande oppgåver i eigen regi. Intern opplæring i kombinasjon med høve til å delta på ordinære studiar vil kunne sikre at kompetansen i stor grad vert verande i organisasjonen. Den andre hovedutfordringa vert å rekruttere ny kompetanse innan helse og omsorg.

3. Kommune-økonomi

3.1 Kommentar til rekneskapen

Resultat og inntekt

Driftsrekneskapen for 2013 er avslutta med eit meirforbruk på kr 5,4 mill.
Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på 4.6 mill kr.

Skatt og rammer:

Skatt på inntekt og formue er inntektsført med kr. -55.740.258,- (budsjettert kr. -52.777.000 revidert) Rammetilskotet er inntektsført med kr. 94.878.551,- (budsjettert kr. 97.234000 revidert).

Momskompensasjon

Naustdal kommune har motteke kr. 3,8 mill. kroner i momskompensasjon som gjeld prosjekt i investeringsrekneskapen.
Av dette er 80% overført til investerings-rekneskapen.

Renteutgifter:

Det er utgiftsført renteutgifter på lån med kr 4.861.068.- Dette er 22.332.- mindre enn budsjettert.

Avdragsutgifter:

Det er i regnskapsåret utgiftsført avdrag på lånegjeld med til saman kr 20.535.719,- Dette er inklusive avdrag til Husbanken i investeringsrekneskapen som gjeld Startlån med kr 1.663.182, samt ekstraordinært avdrag vedteke i kommunestyret i desember på kr 12.500.000.- I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag i samsvar med utrekna minsteavdrag med kr 6.337.537.-

Investeringar med finansiering:

Investeringsrekneskapen for Naustdal kommune er gjort opp med eit meirforbruk på 4.5 mill. kr i 2013.

Tabellen viser prosjekta som bidreg med underskot.

Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp
1008	Grunnkjøp sentrum 2010	31 516
2009	Helse planlegg frisksenter	46 698
3009	Reguleringsplan Engebø (kjøp av tenester)	5 213
3549	Ekstraordinære investeringar flaumskade	932 452
1524	Naustdal Stadion byggesteg 2	1 374 798
1023	Deltaking i kystvegen	100 000
2002	Friskhus planlegging	126 344
1530	Rehabilitering Dalen Skule	250 470
1533	Solskjerming NBU	265 574
3501	Geoveskt Naustdal (prod kartdata)	28 823
3550	Traktor m/skrape	39 825
3552	Bil vaktmester	11 590
3534	Geovekst	30 813
3502	Vassforsyning Mallasvik Sæle	347 980
1514	Prosjektstyring ny barnehage	962 328
1006	IKT administrasjon	106 935
1006	IKT administrasjon	-106 935
	SUM	4 554 424

Vesentlige investeringar i nybygg og nyanlegg

Tabellen over viser påløpte kostnader på dei mest vesentlige prosjekta. Fleire av prosjekta går over fleire år, men tabellen viser investeringsutgiftene for 2013.

Prosj	Prosj (T)	Beløp
3544	Kommunale bygg/ENØK	543 239
3002	Områdeplan Sæla	600 072
1522	IKT-skule oppgradering	648 895
1503	Kunstgrasbane	883 000
1514	Prosjektstyring ny barnehage	893 449
3549	Ekstraordinære investeringar flaumskade	1 100 593
3001	Gangbru over Nausta /reguleringsplan)	1 176 336
1524	Naustdal Stadion byggesteg 2	1 238 471
3546	Vegar	1 357 836
3502	Vassforsyning Mallasvik Sæle	1 466 352
3542	Rehabilitering Nedre basseng, tilbakeslag	1 643 237
3550	Traktor m/skrape	1 654 554
3504	Opprusting bruer	1 689 457
1531	Rehabilitering Lunden Barnehage	2 421 951
1532	Nybygg NBU	2 854 153

Garantiar gitt av kommunen pr. 31.12

Kommunen kan gi garantier med heimel i KL § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier KRD 2. februar 2001. Kommunen gir garantier som simpel kausjon.

Lånegjeldsutviklinga:

NOTE Garantiar gitt av kommunen – nedkvittert per 31.12				Lån 1/1	Nye lån	Avdrag	Lån 31/12	
Garanti gitt til	2012	2013	Låneinstittusjon					
Loffen barnehage	57.381	0	Spareb. Sogn og Fj.	2005	104 400	1 950	-3 636	102 714
Alarmsentralen	1.500	0	KLP Kreditt AS	2006	102 714	2 674	-3 898	101 490
Naustdal Kyrkjelydshus	1.700.000	1.500.000	Spareb, Sogn og Fj.	2007	101 490	26 560	-3 993	124 057
Sum	1.768.881	1.500.000		2008	124 057	11 662	-3 972	131 747
				2009	131 747	20 049	-6 268	145 528
				2010	145 528	13 915	-7 436	152 007
				2011	152 007	20 949	-7 682	165 274
				2012	165 274	16 276	-7 986	173 564
				2013	173 564			188 629

Lånegjeld pr. innbyggjar

2009	2010	2011	2012	2013
54.080	56.719	61.122	63.623	68.793

Langsiktig gjeld – type gjeld og fordeling mellom långivarar

Tekst	2012	2013
Kommunens samla lånegjeld	173.564.914	188.629.532
Fordelt på følgende kreditorer:		
Husbanken	19.705.217	21.792.035
Kommunekreditt	57.545.427	57.545.427
Kommunal bank	96.314.270	109.292.070

Det er i regnskapsåret utgiftsført avdrag på lånegjeld med til saman kr 20.535.719,- Dette er inklusive avdrag til Husbanken i investeringsrekneskapen som gjeld Startlån med kr 1.663.182, samt ekstraordinært avdrag vedteke i kommunestyret i desember på kr 12.500.000.- I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag i henhold til berekna minsteavdrag med kr 6.337.537.-

Økonomisk oversikt drift 2013

	B- 2013	R- 2013
B. SUM DRIFTSINNEKTER	-206 410 200	-217 406 414
C. SUM DRIFTSUTGIFTER	202 413 934	220 604 931
D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-3 996 266	3 198 516
E. SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-1 800 000	-1 455 910
F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	11 403 400	11 305 450
G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	9 603 400	9 849 540
I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 748 482	4 692 441
J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-4 704 283	-6 831 776
K. SUM AVSETNINGAR	7 452 765	7 526 497
L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	0	5 387 162

Drifts rekneskap pr. ansvar:

Avik på ansvarsområda

	Rev. Bud Mill. kr.	Avvik Mill. kr.
Rådmann	0,32	0,10
Rådgevar personal og økonomi	16,09	-0,76
Rådgevar oppvekst og kultur	19,11	-0,04
NBU	28,13	1,13
Vevring skule- og barnehage	3,64	-0,46
Dalen skule	5,11	0,07
Lunden Barnehage	5,94	0,02
Rådgevar helse- og sosial	0,00	-0,01

Årsmelding 2013 – Naustdal kommune

Helse	12,49	-0,79
NAV/Sosial	7,69	-1,26
PLO	44,86	-2,90
Plan og næring	0,95	0,14
Teknisk drift	2,45	-0,99
Plan og landbruk	2,18	-0,25
Finansielle føremål	-148,95	5,90

Naustdal kommune hadde i 2013 eit meirforbruk på 5,4 mill. kr. Dette er i samsvar med prognose som er presentert hausten 2013. I økonomiplan er det teke om syn til inndekning over to år. Naustdal kommune har hatt utskifting og sjukefråvær mellom avdelingsleiarar og seksjonsleiarar. Manglande kontinuitet hos sentrale leiarar i kombinasjon med einskilde manglar i budsjettgrunnlag har skapat utfordringar når ein såg utgiftsnivået gjennom rapportering.

Rådmann	Mindre forbruk
Rådgjevar personal og økonomi	Høgare utgifter til forsikringar, kontigentar, politisk aktivitet gjer at ansvarsområdet fekk negativt avvik.
Rådgjevar oppvekst og kultur	Marginalt meirforbruk.
NBU	NBU hadde eit mindreforbruk med utgangspunkt i større refusjonar enn budsjettet. Deler av utgifter til skulebygg var budsjettet på NBU, men er rekneskapsført på NBU. Dette er også med å forklare avviket.
Vevring skule- og barnehage	Vevring skule- og barnehage hadde overforbruk som skuldast administrativ omstilling og innlemming av barnehagen som ikkje kunne gjennomførast. Dessutan omgjorde fylkesmannen vedtak om tildeling av spesialundervisning
Dalen skule	Mindreforbruk
Lunden Barnehage	Mindreforbruk
Rådgjevar helse- og sosial	Heile overforbruket kan tilskrivas meirutgifter til medfinansieringsordninga i spesialisthelsetenesta
NAV/Sosial	Overforbruket kjem i hovudsak av meirforbruk, knytt til lønstypane omsorgsløn, brukarstyrt personleg assistanse, forsterheimsgodtgjersle, støttekontakt og kostnadskrevjande einskildsaker
PLO	Overskrdinga skriv seg i hovudsak til lønskostnader. Det er særleg lønspostane vikarløn, ekstrahjelp og overtidsløn som bidreg til det høge overforbruket. Gjennomføring av eit eigesjukefråvers-prosjekt og generelt sterkare fokus på personaldekning og turnusplanar ser ut til å gje positiv effekt for overforbruket utover i siste halvår 2013.
Plan og næring	Mindreforbruk er hovudsakleg knytt til meir internsal enn budsjettet.
Teknisk drift	Meirforbruket kjem av auka kostnader til vintervedlikehald og brannvesen. Dessutan er utgifter til drift av skulelokaler utgiftsført på tekniske drift medan budsjettet var sett opp på NBU.
Plan og landbruk	Meirforbruket skuldast meirutgifter til løner og mindre inntekter på byggesak
Finansielle føremål	Underskott er ført på dette formålet. Svak likviditet har gjort at rentekostnadene har vore meir enn budsjettet.

Driftsrekneskapen:

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 5.387.162,-

Rådmannen viser elles til noter i rekneskapen der det er gjort greie for dei vesentlege moment i rekneskapen for 2013.

Naustdal kommune hadde eit meirforbruk på kr 1.327.506.- frå 2011 som vart dekkja inn i 2013.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr 4.554.424.- I henhold til regelverket er det kommunestyret som må fatte vedtak om inndekning av meirforbruket i 2014.

3.2 Finansforvaltning

Finansforvaltninga i Naustdal kommune har som overordna mål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og lave netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innafor definerte risikorammer.

Dette vil ein m.a. oppnå ved at:

- * Kommunen til ei kvar tid skal ha likviditet til å dekke daglege plikter.
- * Lånte midlar over tid skal gi lågast mogleg totalkostnad innafor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Naustdal kommune forvaltar i dag likvide midlar og innlån.

Forvaltning av likvide midlar berekna på driftsføremål:

Kommunen sine midlar til driftsføremål (samt ledig likviditet) er plassert i bankinnskot.

Forvaltninga av kortsiktige midlar skal sikre at kommunen kan betale ved forfall.

For å kunne møte uventa svingingar i likviditetsbehovet og samstundes får tilfredsstillande avkastning har kommunen:

- * inngått rammeavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane for å ivareta dei det daglege behov for banktenester.
- * stilt krav om minimum internasjonal kredittrating A – eller tilsvarende kredittvurdering.

Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølgje:

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum angi:

- * Lånebeløp
- * Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjennomførast låneopptak, her under godkjenning av lånevilkår.

Fullmakter

Det ligg til rådmann å inngå avtaler i samsvar med gjeldande reglement.

Rådmannen har fullmakt «til å velje låneinstitusjon, evt. ekstern forvaltar, lånetype, avdragstid, rentevilkår og avtaler for innlån, refinansiering, samanslåing og forvaltning av lån»

Fullmaktene skal berre nyttast i samband med låneopptak til føremål som er omtala i kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett eller i tilsvarande vedtak i einskildsak i kommunestyret. Rådmann skal forvalte kommunen sine innlån i samsvar med gjeldande reglement og kommunelova § 50 om låneopptak.

Likviditet

Då det var eit behov for å styrke likviditeten gjennom året, vedtok kommunestyret å inngå ei kassa-kredittavtale på 10 mill. kroner for 2013.

Likviditeten har likevel vore stram. Dette har ført til at kommunestyret for 2014 har auka kassakreditten til 20 mill. kroner.

Driftslikviditet:

Ein kassakreditt på kr 10.000.000.- er tilstrekkeleg til å fange opp svingingar gjennom året.

Forvaltning av ledig likviditet:

Ledige midlar blir forvalta gjennom ei konsernavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunen har ingen ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover det som trengs til dekking av kommunen sine daglege plikter.

Konklusjon:

Disponeringa ligg innafor rådmannen si fullmakt og gjeldande finansreglement. Naustdal kommune forvaltar dei likvide midlane i samsvar med kommunen sitt vedteke finansreglement.

Kommunen har ei samla lånemasse på kr. 188.629.532,- (inkl. formidlingslån i Husbanken). Låna i Sparebanken er nedbetalt/refinansiert med eit nytt lån i Kommunalbanken.

Lån

Samansetting av låneporteføljen:

Pr. 31.12.2013 låg det føre følgjande plasseringar:

Tekst	2012	2013
Kommunens samla lånegjeld	173.564.914	188.629.532
Fordelt på følgende kreditorer:		
Husbanken	19.705.217	21.792.035
Kommunekreditt	57.545.427	57.545.427
Kommunal bank	96.314.270	109.292.070

Det er i regnskapsåret utgiftsført avdrag på lånegjeld med til saman kr 20.535.719,- Dette er inklusive avdrag til Husbanken i investeringsrekneskapen som gjeld Startlån med kr 1.663.182, samt ekstraordinært avdrag vedteke i kommunestyret i desember på kr

12.500.000.- I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag i henhold til berekna minsteavdrag med kr 6.337.537.-

Risikoeksponering:

Risiko definert som produktet av sannsynleg heita for at ei hending skjer og konsekvensen av hendinga.

Det har ikkje vore renteoppgang av betydning i løpet av 2013. 1% - poeng på Pt. Renta vil utgjere kr. 1.886.300,- på årsbasis. Konsekvensen av ei eventuell auke vil i første omgang vere liten, men kan fort auke då det ikkje er lagt inn nokon reserve i budsjettet.

Avdragsutgifter er ført etter minsteavdragsprinsippet. I drifts-rekneskapen er det utgiftsført avdrag i tråd med berekna minsteavdrag. Dette er med på å styrke likviditeten gjennom året

Konklusjon:

Med bakgrunn i at låna i Sparebanken er nedbetalt/refinansiert med eit nytt lån i Kommunalbanken, vert renteveksten minimalisert. Sannsynleg heita for renteoppgang er liten. Renta har helde seg stabil gjennom 2013. Konsekvensen vil i første omgang vere liten.

4. Sektorvise handlingsprogram

4.1 Administrasjon

Mål for økonomi	Gjennomføring 2013
1. Stabilt driftsnivå	Stor kostnadsvekst på enkelte områder har medført meirforbruk på kr. 750.000,-
2. Må kunne takle forventet vekst i interkommunalt samarbeid.	Desse føremåla hadde i 2013 eit forbruk som ligg innanfor budsjettamma.
3. Kostnadsvekst som følgje av nye oppgåver og IKT-system	Kostnadsveksten låg innanfor budsjett.

Mål for brukarar	
1. Lett tilgjengeleg info	Kontinuerleg arbeid med forbetring av kommunen si heimeside og K-posten.
2. Sjølvbetjening	Gradvis innføring av fleire tenester, utvida bruk av søknadsskjemaer.
3. Open organisasjon – tillitsskapande	Etikk sett på dagsorden.

Mål for personale	Gjennomføring i 2013
1. Høve til kompetanseutvikling	Lagt til rette for kurs og formell vidareutdanning.
2. Avklara arbeids- og ansvarsområde	Bruk av leiaravtaler og gjennomførte utviklingssamtaler med alle seksjonsleiarane.

3. Godt arbeidsmiljø	Lågt sjukefråvær, opne dører
----------------------	------------------------------

Mål for utvikling	
1. Høgare kompetanse	Tilrettelagt for studiar - mastergrad
2 .Betre kvalitet på tenestene	Betre oppfølging av seksjonane med løpande rapportering. Arbeid med å definere kvantitet og kvalitet på tenestene.
3. Fleksibel organisasjon – prosjektjobbing	Fleire prosjekt under arbeid med deltaking på tvers av sektorar.
4. Vidareutvikle leiarrolla	Tettare oppfølging av leiarane. Leiar møter som ledd i kompetanseutvikling.
5. Slå saman utvikling av reglement og prosedyrar i samband med leiarutvikling, mellom anna etisk reglement	Arbeidet med etisk reglement er starta opp.
6. Prosjektorganisering utvikling av kvalitetssystem og nettbasert sjølvbetjeningsløysingar/innbyggjar kommunikasjon elektronisk	Etablert fellesprosjekt med Førde på utvikling av kvalitetssystem. Vurdert ulike løysingar for sjølvbetjening.

4.2 Barnehage

Ved utgangen av 2013 hadde Lunden barnehage 57 heile plassar til barn medan det i Vevring barnehage var nytta 18 heile plassar. I Idrettsbarnehagen var det ved nyttår 83,5 heile plassar.

Barnehagane i Naustdal har godt omdømme. Dei kommunale barnehagane, Lunden og Vevring, har høg fagleg kvalitet og får svært gode tilbakemeldingar i brukarundersøkingar. Naustdal Idrettsbarnehage er godt motteke hjå foreldre og tilsette.

Etter endra barnehagestruktur har kommunen dette barnehagetilbodet:

- Lunden barnehage 4 avdelingar og 58 barn
- Vevring barnehage 1 avdeling og 18 barn
- Naustdal Idrettsbarnehage 6 avdelingar og 86 barn

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs. Styrar og pedagogisk leiar har eit særlig ansvar for planlegging, vurdering og utvikling av innhald og praksis i barnehagen.

Mål for utvikling	Gjennomføring 2013
1. Etablere struktur for tverrfagleg samhandling	Faste tverrfaglege møter ein gong i månaden er på plass, saker i høve «barn i risiko» vert

	drøfta.
2. Vidare satsing på kompetanse- tidleg hjelp til barn med utrygg tilknytning.	Naustdal-barnehagane er frå hausten 2013 med i modellkommune-prosjektet «Identifisering og bistand til utsette barn i barnehagen». Kvar barnehage har hatt med 1-2 deltakarar frå ped.leiar-gruppa (interkommunalt kompetanseprogram).
3. Aktiv marknadsføring med vekt på kreativitet og dei estetiske faga.	Ikkje gjennomført.
4. Legge til rette for to- pedagogsystem (tidleg innsats)	Tilrettelegging for to-pedagogsystem vil ta tid. Vil skje gradvis ved ny-tilsetjingar.

Mål for personale	Gjennomføring 2013
1. Prøve ut verktøy i arbeid med åtferdsproblematikk	Dialog i tverrfagleg team, og pedagogiske verktøy for betra sosial kompetanse.
2. Nytte observasjon av barnegruppa med helsesøster og psykolog – etablere "ottemøte» (kvar haust)	Førebels dialog i tverrfagleg team.
3. Sikre systemforståing	Ulike tema i personalmøte i samanheng med årshjul.
4. Kollegarettleing	Medarbeidarsamtaler.

Mål for økonomi	Gjennomføring 2013
1. Robuste kommunale einingar med kostnadseffektiv drift	Høg kvalitet i barnehagane. God ressursstyring personale og økonomi.
2. Holde budsjett	Noko meirforbruk, men kontrollert og godt grunngeve.
3. Vurdere økonomikonsekvensar av redusert opningstid ved Lunden Barnehage. Frigjorte midlar vert avsett til endra behov for barnehageplassar	Opningstid er endra til 07.00 – 16.30, medfører betre utnytting av personalressursar.

Mål for brukarar	Gjennomføring 2013
1. Sikre systemforståing i foreldregruppa - Fokus på rolla: Dei vaksne som gode rollemodeller	Tema i foreldremøte.
2. Gje informasjon i forkant	Månadsbrev, foreldremøte, oppslagstavle og informasjonsbrev etter behov.
3. Tidleg innsats/førebygging	Tverrfagleg team og samarbeid med foreldre.

Økonomiske resultat – Lunden Barnehage

I 2013 hadde Lunden barnehage balanse i drifta. Barnehagen har ei nøktern drift.

Lunden barnehage har ei nøktern drift. Vi har brukt lite pengar på leikar og arbeidsmateriell til forming. Bakgrunnen for det er at vi sparer og ynskjer fornying når vi flyttar attende etter rehabiliteringa er ferdig.

4.3 Skule

I tabellen under er det lista opp tiltak frå alle skulane. Alle tiltaka gjeld difor ikkje alle skulane, men tabellen gjev eit oversyn over den samla innsatsen på dei tre skulane.

Mål for økonomi	Oppnådd i 2013
Forutsigbare rammer over tid	Rammene varierer i samsvar med klassetal Manglar enno ein god modell for tildeling Utfordringar i høve nok ressursar til spesialopplegg kring einskildelevar Budsjettering i forhold til kjent ramme Avklaring vedk. administrativ ressurs
Fange opp langsiktige trendar	Bruke prognose elevtal i langsiktig planlegging Vere realistisk i høve nok ressursar til elevar med spesielle pedagogiske behov.
Føremålstenleg organisering av ressursane	Framleis mange elevar med treng ressurs til spesialundervisning. Er i prosess for å kunne redusere ressursinnsats frå spesialundervisning til fordel for tidleg innsats og brei forståing av tilpassa opplæring. Målretta samarbeid med ppt om rettleiingsfokus, vert opplevd positivt. Utnyttar ressursane med tanke på tidleg innsats og god tilpassa opplæring.
God økonomistyring i sektoren - halde budsjett	Har god kontroll over planlagde tiltak, men liten buffer for uforutsette tiltak. Kjem seint i gang med tiltak kring enkeltelevar fordi ein ventar på avklaring av ressursar. Tidleg korrigerings av endringar i budsjettet God opplæring og oppfølging av nyttilsette seksjonsleiarar

Mål for brukarar	Oppnådd i 2013
Prosessarbeid og drøftingar/-refleksjon i arbeid med forståing for breiare tilpassa opplæring og fleksibel organisering av ressursar	Bruk av time- og personalressursar / organisering vert vurdert ved haustferie, og justert etter behov. om behov endrar seg i løpet av året, må ein gjere endringar undervegs. Ved NBU er det gjennomført «foreldreskule» for 3. og 4.årstrinn over 6 kveldar og med fokus på foreldrerolla og læringsmiljø og med klasseleing som struktur. Ved Dalen skule har ein hatt fokus på «vurdering» kollegaer i mellom og elevar i mellom. I Vevring har ein fokusert på tema «lesing og rettleiing» og systematisk arbeid med sosial kompetanse med fokus på inkludering og gode relasjonar. Varierte arbeidsformer, fleksibel

	bruk av ressursar og oppleving av meistring.
Rolleforståing og avklare forventningar og krav	Rådsorgana vert informert og invitert som deltakarar i diskusjonar som aukar forståinga for skulen som organisasjon. Det er aktive rådsorgan-engasjement i foreldregruppa. Rådsorgana aktivt deltakande i planlegging og gjennomføring av felles foreldremøte og skulen sitt utviklingsarbeid.

Mål for personale	Oppnådd i 2013
Refleksjon og arbeid med rolleforståing-avklare forventningar og krav	Nytta teamtid/fellestid til å dele forskingsbasert kunnskap Bevisst arbeid med klasseleiing/vurdering for læring. «Skulevandring» og «vurdering» er eksempel på metode. Teamleiarar er nytta som utviklingsaktørar og elles tett oppfølging av tilsette. Systematisk arbeid med relasjonskompetanse og klasseleiarrolla. Bruk av aksjonslæring i prosessane.
Prosessarbeid og drøftingar/refleksjon i arbeid med tilrettelegging for «breiare» tilpassa opplæring og fleksibel organisering av ressursar	Det er lagt til rette for at bunden tid vert prioritert til dette arbeidet. Det er lagt grunnlag for utarbeiding av pedagogisk plattform (elevsyn, læringsyn, medverknad) som grunnlag for skulen sitt samla arbeid. Prosess med PPT om felles forståing av ressursutnytting.
Utbygging av NBU	Personalet har beskrive pedagogiske prinsipp som grunnlag for ny skule Administrasjonen og personalet har vore aktive i prosessen/arbeidet med forprosjektet
Kompetanse-heving innan rettleiing	Klassevandring og påfølgande utviklingssamtale har eit tydeleg rettleiingsperspektiv. Rektorutdanning. Tett oppfølging av nyttilsett og teamleiar med tanke på personleg og fagleg utvikling. Spesiell formell kompetanse har elles ikkje vore prioritert.
Utvikle analytisk kompetanse- sjå og forstå samanhengar	Har brukt ulike kartleggingar og undersøkingar som grunnlag for analyse av læringsutbytte og trivsel og finne gode tiltak for forbetring Ståstadanalyse som verktøy.

Mål for utvikling	Oppnådd i 2013
Etablere faste månadlege tverrfaglege samhandlings-møte	Tverrfagleg team er etablert og vert opplevd som ein god arena for tiltak på rett nivå Rektormøte - samhandling med aktuelle aktørar
Nytte verkty som utviklar og legg til rette for «brei» tilpassa opplæring og fremjar systemretta arbeid og utvikling av skule- og læringsmiljøet	Faglege kartleggingar vert gjennomgått på klassesteget, resultat formidla til aktuelle andre steg Felles kartleggingar vert systematisk gjennomgått både på steg og felles. Konklusjonane gjort kjent i personalet Fokus på vidare læringsarbeid Nyttar PPT ressurs i det systemretta arbeidet Implementering av prosjekt «betre læringsmiljø»

Utvikle bevisstheit kring tidleg innsats og sette dette i system	Kontinuerleg arbeid i personalet Prioritere ressursar og tidleg innsats på lågaste klassesteg
Utarbeide system og rutinar for tverrfagleg samhandling	Må ha fokus på vidare arbeid og nedfelle gode rutinar.

Særskilt om NBU i 2013

Naustdal barne - og ungdomsskule gjekk inn i «ei ny fase» våren 2013 då vi fekk tilsett ny rektor/seksjonsleiar. Positiv erfaring frå avdelingsleiarmodellen førte til utlysning og tilsetting av 2 nye avdelingsleiarar i administrasjonen. Hausten 2013 vart m.a. nytta til å finne gode samarbeidsarenaer og fordeling av oppgåver i leiinga. Dette ser ut til å fungere godt.

Året 2013 vart i aukande grad prega av utfordringar i skulemiljøet og dermed også for læringsmiljøet i fleire klassar. Skulen har fått ekstern rettleiing frå ulike aktørar i hjelpeapparatet, men det har vore og er omfattande og tidkrevjande prosessar for leiinga og det øvrige personale.

Det har vore nytta ekstra ressurs i PPT for observasjon og rettleiing, og det er sett inn personale i skjermingstiltak/eigne opplegg rundt einskildelevar.

Det vart hausten 2013 innført nye valfag og forlenga skuleveke for 8. og 9.årssteget, dette er spennande arbeid, men skulen har truleg mykje å hente i samarbeid med lokalmiljøet m.o.t.både innhald, utføring og lokale ressurspersonar.

Frå hausten har også ei gruppe fått tilbod om 3 t i veka i arbeidslivsfag. Dei får då prøve ut ulike utdanningsprogram frå vidaregåande skule, spesielt retta mot praktiske fag.

Våren 2013 fekk ei gruppe elevar på 10.årstrinn eit særskilt tilbod innan norsk og matematikk. Fokus for NY GIV er å auke dei grunnleggande ferdigheitene i desse faga og forhindre fråfall i vidaregåande skule. Desse elevane fekk og 3 veker med betalt arbeid i sommarferien.

I hausthalvåret har personalet vore aktive premissleverandørar i arbeidet med grunnlag og utforming av ny skule i sentrum. Engasjementet og forventningane til ein framtidretta skule er høge.

Særskilt om Dalen Skule 2013

Ny rektor tilsett 1.august 2013. Timeplan var klar og ressursar var fordelte av avtroppande rektor.

Skulen overtok brakka som tidlegare var i bruk ved Lunden Barnehage. Denne kom på plass i september og fekk då namnet Modulen. Her har 5.klassesteg sitt klasserom og grupperom. I tillegg har Helsesøster sitt kontor her når ho har si faste kontortid kvar 14.dag. Då har elevane høve til å ta kontakt med henne (lågterskeltilbod) i tillegg til at ho gjennomfører vaksiner og kontrollar.

Plassering av Modulen i forlenging av skulen på parkeringsplassen, har fått konsekvensar for trafikkavviklinga ved skulen. Der er ikkje plass til at buss og drosjer kan snu ved skulen. All av- og på stiging i samband med skuleskyss skjer ved Dalen Næringsssenter. I samband med dette organiserer skulen tilsyn med elevane før og etter skuletid. Dette medfører ekstra ansvar og tidsbruk for personalet.

«Leikeplasskontrollen» gjennomførte tilsyn med leikeapparata, og det vart funne mange avvik. Dissestativet måtte takast ned pga. roteskade. Skulen fekk midlar til innkjøp av nytt denne gong i stål. Dei andre avvika vart retta opp av vaktmeister.

Rådsorgana ved skulen fungerer tilfredsstillande, og særleg har FAU gjort ein god innsats med å arrangere sosiale kveldar for heile elevgruppa på skulen. Dette er eit viktig bidrag i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø og å førebyggje mobbing.

Ved skulen legg vi til rette for aktivitetar og oppgåver på tvers av klassane. I 2013 vart det halde fellelunsj for heile skulen 3 gongar pr. halvår, aktivitetsdagar, venskapsveke/Manifest mot mobbing i september, «kalveprosjektet» i okt/nov i samband med Torsheim sin 75 årsdag og skulen sin tradisjonelle julemarknad.

Særskilt om Vevring skule 2013

Vårhalvåret 2013 arbeidde kollegiet systematisk med å auke lærarane sin relasjonskompetanse og arbeidet med «Sosial kompetanseplan» vart ferdigstilt. Elevar og foreldre har vore deltakande i prosessane. Etter innføring av Olweus-programmet i 2006 har vi hatt god erfaring med tett heim-skule samarbeid om elevane sitt læringsmiljø. Etter eit systematisk arbeid med kvalitetssikring av skulen sitt Olweus-arbeid, blei Vevring skule sertifisert som Olweus skule i august.

Rektor/seksjonsleiar, teamleiar, lærar og assistentar gjekk alle inn i nye stillingar ved skulestart 2013. Vi har gjennom hausthalvåret hatt fokus på vidare implementering av skulen sitt arbeid gjennom utviklingsprosjektet «Betre Læringsmiljø». Fellestida har vore brukt til «Betre elevane si læring i klasserommet» der vi har hatt fokus på variert undervisning, vurdering/motivasjon og rettleia lesing. I samarbeid med PPT har vi arbeidd med kompetanseutvikling av assistentar og tilpassing og tilrettelegging for elevar med spesielle behov.

Assistentar og lærar i skulen har også jobba i SFO, som no er lokalisert på skulen etter skuletid. Felles personale skule/SFO har vore positivt for elevane og har letta arbeidet med opplæring og organisering. Skule og barnehage har felles rådsorgan og samarbeider godt om felles foreldremøte og aktuelle saker.

Skule og barnehage har gjennom heile skuleåret opplegg for gode overgangar med fellesmåltid og ulike aktivitetar.

Avvik – økonomi i 2013

Rådgevar oppvekst og kultur	Lite meirforbruk.
NBU	NBU hadde eit mindreforbruk med utgangspunkt i større refusjonar enn budsjettet. Deler av utgifter til skulebygg var budsjettert på NBU, men er rekneskapsført på NBU. Dette er også med å forklare avviket.
Vevring skule- og barnehage	Vevring skule- og barnehage hadde overforbruk som skuldast administrativ omstilling og innlemming av barnehagen som ikkje kunne gjennomførast. Dessutan omgjorde fylkesmannen vedtak om tildeling av spesialundervisning
Dalen skule	Lite mindreforbruk

4.4 Helse

Generell kommentar helse -og omsorg

Etter omfattande analyse- og plan- og høringsprosessar vart Utviklingsplan for Helse og Omsorgssektoren vedteken i kommunestyret i juni 2013. Planen fyl opp sentrale føringar i ny

helse- og omsorgs lovgjeving og nasjonal helse og omsorgsplan, med tanke på auka vekt på helsefremjande og førebyggjande tiltak og fokus på «hjelp til sjølvhjelp».

I samsvar med planvedtaket er seksjonsinndelinga i helse og omsorgssektoren endra ved oppløysing av seksjon PLO, og danning av 3 nye seksjonar, Naustdal sjukeheim, Open omsorg og Heimetenester for funksjonshemma. Det er og etablert ei koordinerande eining under rådmannen, med tillagt ansvar for sakshandsaming av søknader om omsorgstenester, og for individuelle planar og koordinering av tenester. Habiliteringsplan for barn og unge vart og vedteken i juni 2013, og legg føringar for koordinerande eining for barn og unge. Planen har vorte utarbeide etter tildeling av prosjektmidlar og har overføringsverdi til vaksne

Ut frå dei økonomiske utsiktene hausten 2013 er tilsetjing av kommunalsjef for helse og omsorg utsett. Koordinering og oppfylging av seksjonane vert ivareteke direkte av rådmannen med støtte av rådmannskontakt for helse- og omsorg i fagstaben. Det er så langt gode erfaringar med denne ordninga, og dei to siste månadane av 2013 var seksjonane sin rekneskap i samsvar med budsjett 2013.

I motsetnad til 2012 har Naustdal kommune i 2013 eit fhv. stort overforbruk på posten for medfinansiering av spesialisthelsetenester. Det har i liten grad vore behov for å utsetje mottak av ferdigbehandla pasientar frå sjukehusa, noko som medfører underforbruk av avsette midlar til kjøp av tenester frå helseføretak.

Interkommunalt samarbeidsprosjekt for etablering av legevaktsentral og døgnbasert akutt legeteneste, vart etter handsaming i kommunestyra i desember 2013 vedteke vidareført våren 2014 med tanke på vidare utgreiing av alternativ lokalisering av kommunale akutt-tenestetilbod ved Sentralsjukehuset. Naustdal kommune deltek også vidare i interkommunalt samarbeidsprosjekt for utvikling av omsorgstenestene i samsvar med sentrale og lokale planar. Prosjektet har særleg fokus på rehabilitering og kvardagsrehabilitering.

Mål for økonomi	Oppnådd 2013
1. Auka kompetanse i økonomi- og rekneskaphandsaming	Regelmessige møte med fokus på økonomi og rekneskap. Økonomirapportering gjennomført.
2. Regelmessig samhandling med økonomikontoret	Får nødvendig hjelp frå økonomikontoret gjennom regelmessig kontakt
3 Få inn prosjektmidlar- som kan styrke prioriterte tiltak og utviklingsområde	Tiskot til Oppretting av frisklivsentral. 160.000 Helsefremjande eldre. 550.000 Habiliteringsplan barn og unge 200.000 Helsefremjande foreldre 300.000 Koordinatorklubb 10.000 Bustadsosialt arbeid 500.000 Fysisk aktivitet 55.000 «Seksuell helse» ungdom 40.000
4. Tydelegare investerings-budsjettering / prioritering	Avsett investeringsmidlar til vidare prosjektering av Friskhus

Mål for brukarar	Oppnådd 2013
1. Brukarane skal oppleve god samordning av kommunale helse og omsorgstenester.	Tett samarbeid med PLO om utskrivingsklare pasientar. Planlegging av kvardagsrehabilitering

	Kontakt med delvis etablert koordinerende eining. Bruka av ansvarsgrupper og IP for vaksne Vedteken plan for habiliteringstenester til barn og unge Faste tverrfaglege møter i alle einingar Avvik i høve individuelle planar for barn og unge
2. Gjennomføre brukarundersøking i alle tenestene	Ikkje gjennomført brukarundersøking
3. Ta i bruk / utvikle system for innhenting av brukarerfaringar.	Årlege møter med brukarorganisasjonar ; Kasse for «ris og ros» på legesenter
4. Etablere god brukarrepresentasjon i råd og utval.	Ligg på adm. plan
5. Etablere ordning med pårørande-kontaktar i aktuelle tenesteområde.	Lydhøyre for innspel, spontant og i møter

Mål for personale	Oppnådd 2013
1. Forbetre dei fysiske rammevilkåra	Venter på Friskhuset. Vilkåra ikkje gode nok for vidare drift over tid. Dette gjeld alle avdelingar. Psykisk helse har teke i bruk Horstad skule på grunna av plassmangel.
2. Auke stillingsressurs i helsestasjon- og fysioterapitenesta	1,5 stilling som helsesøster Kommunepsykolog vakant siste 6 mnd. Fysioterapi- stilling: 3 heile stillingar men pga permisjonar ;2,4 besatt.
3. Styrke det systematiske samarbeidet i faglege og tverrfaglege nettverk	Deltok på tverrsektorielle møter Etablert faste tverrfaglege møter skule og barnehage.
4. Styrka fagleg utvikling i personalet	Tilrettelagt for master i samhandling. Deltaking i kompetanseheving «Tidlig Intervensjon» Møte i alle regionale møter og halde opp fagleg kvalitet i tenester ved etterutdanning.

Mål for utvikling	Oppnådd 2013
1. Etablere koordinerende eining	Starta utvikling av koordinerende eining, - med å etablerer rutinar for sakshandsaming.
2. Etablere frisklivsentral	Etablert frisklivsentral juni 2013
3. Få fram statistisk materiale som grunnlag for vidare planarbeid	Arrangert politisk dag med gjennomgang av folkehelsesdata. Nytt prosjekt for helsefremjande eldre skal kartlegge behov hos heimebuande eldre Aukande fokus på data barn og unge i forhold til oppvekstvilkår og førebygging.
4. Utvikle tenestetilbodet i lys av folkehelseperspektivet -	Etablert to befolkningsretta helsefremjande prosjekt, mot eldre og foreldre. Etablert frisklivsentral. Marknadsføring av folkehelsetenkning i

	<p>barnehage, skule, lag og organisasjonar og media. Formidla søknadar til fysisk aktivitet. Samarbeid med friviljuge med tanke på sosial utjamning gjennom « Idrett for alle», og bruka av fritidskontakter for barn. Auka ressurs til skulehelse. Fysioterapikompetanse inn i omsorgstenestene. Oppstart prosjekt kvardagsrehabilitering.</p>
5.Gjennomføre komptansekartlegging og utarbeide plan for kompetanseutvikling	Ikkje gjennomført

Kommentar økonomisk avvik

Tenestetilboda i deil ulike avdelingar er tilpassa dei økonomiske rammer slik at vi har eit underskot på ca 750.000,-. Heile overforbruket kan tilskrivast meirutgifter til medfinanseringsordninga i spesialisthelsetenesta som kjem med ei utgift på kr 920.000,- Kr over budsjettet. Når ein tek omsyn til dette er altså driftsrekneskapen for seksjon Helse utanom med. fin. ordninga i positiv balanse.

Lønnskostnader er også i pos. Balanse kanskje mest pga mindre forbruk som fylgje av vakanse i budsjettet psykologstilling og fysioterapeut stilling.
 Det er mnd rapportering til rådmannen ang økonomisk situasjon gjennom eige rapporteringsverktøy.

Kurativ helse avdeling har etter 2012 ein mykje betre økonomistyring ved innføring av brukarstyrt betalingsautomat på legesenteret ved leige frå Melin Medical.

4.5 NAV

Mål for økonomi	Oppnådd 2013
1.Systematisk oversikt – rapportering – regnskapskontroll – behov for opplæring	Opplæring gjennomført. Vidare vart det etablert eige møtepunkt, 2. kvar veke med rådmann, kor status økonomi er fast tema.
2.Forvalte økonomien slik at ein oppnår resultat.	NAV- leiar vert informert om og godkjenner alle økonomiske disposisjonar ved NAV kontoret.
3.Alle er oppdatert på den økonomiske situasjonen – ansvarleggjort i høve dette	Gjennomført. Økonomisk status er fast tema på kontormøter kor alle tilsette deltek. Det vert i kontormøter informert om økonomisk føringar som skal gjelde, og dei økonomiske konsekvensane av iverksette/planlagde tiltak vert gjennomgått. Prioriteringar i høve til økonomi vert følgt opp av leiar.

Mål for brukarar	Oppnådd 2013
1. Brukarar skal oppleve å få hjelp til meistre liva sine, med vekt på	Gjennomført. Hausten 2013, vart det gjennomført brukarundersøking ved NAV-

arbeidserfaring og meningsfylte aktivitetar.	kontoret. Undersøkinga syner at brukarane i Naustdal får naudsynt hjelp og bistand i høve når dei er i kontakt med NAV, samt at dei for det meste er godt nøgde med tenestene som vert levert. NAV Naustdal hadde i 2013 eit lite overforbruka av tiltaksmidlar (statleg finansiering).
2. Brukarar skal oppleve å bli møtt med respekt, bli hørt og sett og møte serviceinnstilt personale, som har eit høgt jobbfokus i jobbsenteret	Gjennomført. Det vert synt til brukarundersøkinga gjennomført haust 2013. Sjå punkt 1 –mål for brukarar. NAV Naustdal har i 2013, hatt fokus på brukarmedverknad. Arbeidsretta aktivitetar er alltid tema i dialog med brukarane. Arbeidsgjevarar i kommunen som kontaktar NAV vedkomande rekruttering får prioritert bistand.
3. Komme tidleg inn i forh til barn og barnefamiliar – arbeide førebyggjande	Talet på barnefamiliar som mottok førebyggjande tenester frå barnevern vart redusert i 2013. Naustdal har framleis eit høgt nivå i høve til førebyggjande arbeid. Ein indikasjon på at vi har lukkast med det førebyggjande arbeidet er at kommunen sitt utgiftsnivå på barnevern-området er 40% lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. NAV har vidare i 2013, innleia samarbeid med helsetenesta (kommunelege/ helsesøster) om å gje eit tilbod til einskilde, «utsatte» familiar gjennom Busat-prosjektstilling (vikariat).
4. Tilby tilrettelagde tenester	Gjennomført. Alle brukarar med trong for oppfølging frå NAV får eige vedtak om kva tenester NAV kan bidra med. Vidare vert det utarbeidd individuelle aktivitetsplanar for brukarar.

Mål for personale	Oppnådd 2013
1. Ta i bruk elektronisk internkontrollsystem felles for heile kommuner	Ikkje starta opp i 2013.
2. Auka personalressurs til oppfylging av vanskelegstilte i eigen bustad.	Gjennomført. Grunna sjukdom/ permisjon har delar av Busat-stilling (bustadsosialt arbeid) stått vankant i kortare periodar i 2013. Frå hausten 2013, vart det tilsett vikarar å ivareta oppfølging. NAV har i 2013 gjennomført fleire heimebesøk enn tidlegare år.
3. Alle bidreg til eit godt arbeidsmiljø – viser fleksibilitet og raushet	Våren 2013 vart det gjennomført nasjonal medarbeiderundersøking i NAV. Kartlegginga syner at tilsette ved NAV Naustdal scorar høgt på trivsel og godt arbeidsmiljø. Alle ved kontoret engasjerar seg og bidreg positivt til arbeidsmiljøet.

4. Kompetanseheving	I 2013 har det vert gjennomført fleire kompetansehevande tiltak. Fleire medarbeidarar ved kontoret deltok på opplæring for nytilsette, samt ei rekke fagrelatert kurs som vart arrangert av Fylkesmann og NAV Sogn og Fjordane. Barnevern deltok på kurs og samlingar i regi av BUFE-etat og Fylkesmann. I tillegg har det vert gjennomført fleire kontor-interne opplæringstiltak, samt aktivt gjennomføring av etaten sine e-læringsprogram.
5 .Bidra til å skape ein lærande organisasjon- Sette lys på utfordringar	Medarbeidarane ved NAV Naustdal har i 2013, vert genuint opptekne av å tileigne seg og dele kompetanse og erfaringar. NAV Naustdal har som fast rutine at tilsette etter deltaking på kompetansegejevande opplæring/ kurs, må vidareformidle relevant kunnskap i plenum ved kontoret. NAV-kontoret nyttar prosessorienterte metodar/verktøy for å kartlegge og legge strategiar for korleis vi skal arbeide målretta for å oppnå ynskja resultat.

Mål for utvikling	Oppnådd 2013
1. Forankre det arbeidsretta fokuset sterkt i organisasjonen.	Einskildpersonar har fått god arbeidstilrettelegging i Naustdal kommune, men behov for å arbeide vidare med oppfølging av arbeidstakarar og arbeidsplassar.
2. Informasjonsmøte med andre seksjonar / avdelingar om aktuelle tema	Gjennomført. NAV-kontoret har 2013 delteke på møtearenaer til andre seksjonar for å informere om m.a sjukefråvær (rettar/ plikter) mm.
3.Lunsmøter med næringslivet i Naustdal	Ikkje gjennomført i 2013. Har ikkje fått tilslutning frå næringslivet i høve til denne planen.
4. Vidareføre/bevare kulturen i kontoret for oppfølging av brukar – vere tett på og støttande og samstundes ansvarleggjere brukar.	NAV Naustdal har i 2013 satt eit sterkare fokus på brukarmedverknad. Aktive og deltakande brukarar er avgjerdane for å lukkast i høve til måloppnåing. Utvikling på målekort syner at kontoret jobbar betre med oppfølginga av brukarar.
5. Styrke det bustadsosiale arbeidet – tilskotsfinansiert prosjekt	Prosjektstilling er administrativt underlagt NAV, men det er tett samarbeid med psyk. helse og helsestasjon/ kommunelege om fagleg innhald i prosjektet. Det vert utført arbeidsinnsats som av alle vert opplevd å vere viktig og vellukka. Satsing vidareførast og styrkast ytterlegare.

Kommentar økonomisk avvik - ansvar 350

Seksjon NAV har i 2013 eit meirforbruk på ca 1,25 mill kr. Overforbruket kjem i hovudsak av meirforbruk ca 850.000 kr inkl sosiale kostnader, knytt til lønstypane omsorgsløn, forsterheimsgodtgjersle og støttekontakt. Dette er kostnader knytt til kostnadskrevjande einskildsaker det ikkje har vore tilstrekkeleg høgde for i budsjettet. Det same gjeld overforbruk ca kr 430.000 kr til kjøp av tenester.

Tenesteområdet brukarstyrt personleg assistanse har og eit overforbruk, særleg knytt til ekstra lønskostnader ved lengre behandlingssopphald og etterslep av slike kostnader frå 2012.

Lønskostnader elles er om lag i samsvar med budsjett når ein tek omsyn til lønsrefusjonar og tilskot knytt til prosjektstillingar.

4.6 Omsorg

Mål for økonomi	2013
1. Fokus på turnus- og vaktplan med sikte på å redusere vikar- og overtidskonstnader	Alle turnusane er gjennomgått og justerte /tilpassa.
2.Harmonisere drift og budsjett i tråd med folketalsutviklinga i kommunen	Driftsmidlar til open omsorg er prioritert
2.Rasjonalisere matombringning	Ikkje gjennomført
4.Vurdere mogleg prosjektfinansiering av utviklingstiltak	Sjukefråværsprosjektet Gjennomgang av tenestetilbodet Utviklingsplan for helse / omsorgstenestene Bruken av sokkeletasjen NAS Rehabilitering - rutinegjennomgang Kvardagsrehabilitering Ressursstyringsprosjektet Elektronisk meldingsutveksling

Mål for pasientar/brukarar	
1.Yte gode og tilpassa omsorgstenester, med auka fokus på tilrettelegging for høgast mogleg grad av sjølvhjelp og meistring.	Er i gang med å endre fokus og praksis. Kvardagsrehabilitering
2.Pasienten skal oppleve ei godt samordna omsorgsteneste – med samhandling internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta.	Er under utvikling – vedvarande fokus.

Mål for personale	Oppnådd 2013
1.Redusere sjukefråveret	Sjukefråveret er redusert
2.Kompetansekartlegging som grunnlag for bevisst satsing på nødvendig kompetanseutvikling	Kompetansekartlegging er ikkje gjennomført. Kompetanseoppbygging gjennom etablering av hygienekontakt. laboratoriekontakt,
3. Systematisk oppbygging av kompetanseteam på ulike fagområde	Har ikkje oppnådd målet – får auka fokus i 2014.
3. Styrke rehabiliteringskompetanse i heile	Tilført fysioterapiressurs – rutineutvikling

personalet – større personalressurs til fysioterapi / ergoterapi	
3. Vurdering av alternative turnusordningar.	Ikkje gjennomført

Mål for utvikling	Oppnådd 2013
1. Ferdigstille helse og omsorgsplanen – starte utviklingstiltak for betre tilpassing av tenester og organisering til behov og ressursar	HFF:
1. Planarbeid for etablering av fleire bustadar for eldre og andre utsette grupper / omsorgsbustadar.	
2. Planarbeid for utvikling av dagtilbod / dagsenter for heimebuande demente	
3. Utvikling av utstyr og kompetanse for utvida helseoppgåver (samhandlingsreformen)	
4. Meir systematisk vedlikehald, utvikling og personaloppfølging med tanke på bruk av elektroniske verktøy. (Meldingsløftet, RS-program, Gericø). Målformulering om vurderinga vedtak, turnus og finansiering i samband med framlegging av PLO planen	

Kommentar økonomisk avvik – ansvar 370

Pleie og omsorg (ansvar 370) har i 2013 eit budsjettmessig overforbruk på ca 2,85 mill kr. Overskirdinga skriv seg i hovudsak til lønskostnader.

Brutto lønskostnader syner eit overforbruk på ca 4,4 mill kr, som vert delvis balansert ved lønsrefusjonar ca 260.000 kr over budsjett, og tilskot til kostnadskrevjande tenester ca 1,2 mill kr over budsjett. Det er særleg lønspostane vikarløn, ekstrahjelp og overtidsløn som bidreg til det høge overforbruket, og har samband med høgt sjukefråvere, vanskeleg tilgang på vikarar og generelt vanskar med å fylle opp bemanningsplanen på dei ulike vaktene. Gjennomføring av eit eige sjukefråversprosjekt og generelt sterkare fokus på personaldekning og turnusplanar ser ut til å gje positiv effekt for overforbruket utover i siste halvår 2013.

Det er betydeleg overforbruk av lønsmidlar i alle dei tre tenestemråda som frå hausten 2013 har fungert som eigne tenestemråde (NAS, open Omsorg og HFF).

4.7 Plan, næring og teknisk

Status og utviklingstrekk
<ul style="list-style-type: none"> Kommunen fekk 63 nye innbyggjarar i 2013, noko som gjev ein vekst på 2,3 % og langt over forventning/berekna utvikling. Områdeplan Sæla vart godkjend i kommunestyret i desember. Planen har eit potensiale på 200-250 bustader. 4 reguleringsplanar, 2 kommunedelplanar/rullerte, 1 planprogram er handsama, og fleire private reguleringsplanar er varsla/under arbeid

- Høg byggeaktivitet, 2 blokker er delvis tekne i bruk i 2013, det er bygging i bustadfelt i Mallasvika og på Sæla og noko spreidd bustadbygging.
- Trafikktryggingssplan 2013-2017 har gitt grunnlag for tildeling av ASV- midlar til gangvegopprusting Horstad- Nyheim.
- Engebøsaka ligg i departementa. Ei avgjerd er venta hausten 2014 frå regjeringa og kommunen tenker ein planberedskap med kommunedelplan i Vevring
- Interkommunal plangruppe følgjer opp med prosjektet «Bu i Sunnfjord» for å styrke marknadsføring av regionen som eit felles bu- og arbeidsområde
- Planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteke i kommunestyret i desember.
- Kommunen deltek i interkommunalt planarbeid for overordna ROS-analyse for heile kommunen
- Tilsette på området er involvert i mange samarbeidsprosjekt og interkommunale ordningar: byggesakstilsyn, VA-kompetanse, plangruppe, vassområdeforvaltning, landskapsområdeforvaltning m.m.
- Klimatilpassing gjev utfordring for veg, vatn og avløp. Det er etablert eit høgare skade- og driftsnivå siste åra, med storskade i april. Stabil drift på seksjon teknisk drift og forvaltning
- Kommunen deltek i Vestlandsforsk sitt program AREALKLIMA med eksempel Sæla.
- Internkontroll og rutiner for VA-anlegg etablert og Nedre basseng er rehabilitert.
- Energikartleggingar er gjennomført, og ENØK-tiltak planleggast, men kun mindre tiltak knytt til byggvedlikehald er gjennomført
- Oppdatert kartbase med nytt høgdegrunnlag er lagt ut. God tilgang på geodata til innbyggjarar og utbyggjarar. Står att å fullføre etablering av planregister og planar i kartportalen.
- I Naustdal har 66 % matrikkeladresser (33 % gateadresser) pr dato og målet er at alle skal ha gateadresser innan 2015. Vi lukkast ikkje å få til eit Geovekstprosjekt på det.
- Auka fokus på å nytte utmarksressursane til jakt og verdiskaping. Stor interesse for vegbygging, 5-6 store skogsbilvegplaner under planlegging. Nye skogbruksplaner under arbeid , 98 eigedomar har til no tinga plan. Stiprosjektet over»stokk og stein» har merka og til rettelagt 68,4 km turvegar etter «Nasjonalt standard»
- Positivitet i deler av jordbruksnæringa i Naustdal. Framleis nedgang i bruk med dyrehald. Fleire gardsbruk vore på sal dei siste 2-3 åra, mogleg trend med auka bevisstheit kring eigarskap.
- Klimaendringar og auka byråkrati krev meir ressursar på område Jordbruk/ ureining, spesielt for 2013 var store avlingsskader pga av barfrost.
- Inn på tunet-prosjekt starta opp i 2013, med 40% personalressurs frå august (2 årig)

Bustadbygging

	2011	2012	2013	2014	2015
Ferdigattest/mellombels bruksløyve	16	20	41	30-50	30-50

Saker, søknader/løyve/vedtak

	2012	2013
Byggesaker	53*	42

Årsmelding 2013 – Naustdal kommune

Delingssaker og matrikkel saker	9 og 35	28 og 6
Detaljregulering/reguleringsendringar	3	4
Kommunedelplan/rullert kdp	3	2
Planprogram	1	1

*2 bustadblokk-prosjekt var under bygging pr des 2012 med tilsaman 39 einingar

Infrastruktur, pr 31.12.2013

Km. Kommunal veg	73,903 km
------------------	-----------

Mål for økonomi	Oppnådd i 2013
1. Halde ramma og vere effektive innanfor kostnadsramma	<p>For området 600 er samla mindreforbruk kr 142 189. For området 610 er det samla overforbruk kr . Med mykje fråvær/sjukmelding av seksjonsleiar har nok både kontroll med forbruk og oppfølging vore utfordrande. For området 620 er det samla overforbruk kr 490 204. Her av overforbruk på løn/sosiale utgifter på ca kr 200 00, p.g.a at tillegga har vore gjennomgåande underbudsjettet</p>
2. Driftsnivå tilpassast menneskelege ressursar	<p>I løpet av 2013 har områda 600, 610 og 620 vore gjennom;</p> <ul style="list-style-type: none"> • svært stor saksmengde på landbruk vart løyst gjennom «dugnad» og noko omprioritering/utsetjing av oppgåver • fråvær i periodar/sjukmelding på ettersommaren/hausten for seksjonsleiar teknisk drift og forvaltning har vore løyst gjennom at ansvar for meir dagleg drift er lagt ut på enkeltpersonar i seksjonen og mange oppgåver er fordelt i administrasjonen, der kommunalsjef plan og næring har hatt hovuddelane av fullmaktene og arbeidet som seksjonsleiar • rådmannen gjennomførte på hausten ei midlertidig omorganisering med oppretting av stabsfunksjonar og rådmannskontaktar der samfunnsutviklar fekk oppgåver som rådmannskontakt for skule og dermed har vi hatt mindre ressursar på planlegging • ved oppretting av stabsfunksjonen fekk kommunalsjef plan og næring rolla som administrator for stabsarbeidet • samla sett for 2013 har fleire medarbeidarar opplevd at driftsnivået ikkje er tilpassa dei tilgjengelege menneskelege ressursane, men nokon planoppgåver er utsett i tid og bl.a. investeringane på teknisk er løyst gjennom rammeavtale med konsulent.

Kommentarar til rekneskap og avvik på ansvarsområda:

600

Samla mindreforbruk er kr 142 189. På teneste Bustad er mindreforbruket kr 42 000, fordi husleigefaktura ikkje har vore ført i 2013, men i 2014. På teneste 30100 Plansaksbehandling er mindreforbruket kr 165 005, hovudsakleg knytt til meir internsal enn budsjettert. Teneste 32500 Bistand til næringslivet hadde eit mindreforbruk på kr 20 395. Teneste 32960 hadde eit overforbruk på kr 85 212 som er hovudsakleg knytt til oppjustering av veterinærtilskottet og dermed utgifta til kommunen. Økonomisk ansvar for det interkommunale samarbeidet er frå 2014 overført til Flora kommune, etter avtale.

610

Samla meirforbruk er kr 749 345 kr (med korrigerings av feilført bruk av fond). Til rekneskapen har ein følgande korrigerings: Bruk av fond på kr -239 721 er ført på 620, men skulle førast på kr 610, denne føringa er ført på riktig teneste 35300 Avløp, men som sagt på feil ansvar. Korreksjonen er tilsvarande omtala på ansvar 620.

Hovuddelane av meirforbruket er knytt til

- Teneste 22220 Drift og vedlikehald av skulelokale der løn og sosiale utgifter til driftsleiar og straum er utgiftsført, men ikkje budsjettert. Vi legg til grunn at løn m.m. til driftsleiar og straum er budsjettert på ansvar 210 og at dermed 210 vil ha tilsvarande betre resultat. Samla meirforbruk på 22220 er kr 673 042.
- Teneste 33910 Brannvesen med eit meirforbruk på kr 487724. Meirforbruket ligg i manglande budsjettering av avtale om godtgjersle til brannmannskapa i Naustdal på ca kr 375 000 (inkl sosiale utgifter) og ei større avrekning frå vårt felles brannvesen med Førde med ca kr 70 000 frå Førde.
- Teneste 33210 og 33211 sett under eitt har eit meirforbruk på kr 414 338. Trass mild/lite vinter på slutten av 2013 var månadane januar til april krevjande for drifta og gav store utgifter både til brøyting og anna vinterdrift.
- Sjølvkostområda vatn og avløp har gjennomgåande mindreforbruk på grunn av høgare gebyrinntekter, noko mindre kjøp av tenester og fordelte utgifter til investering. Slam og renovasjon har eit meirforbruk som botnar at vi ikkje er omforeint med SUM om kostnad med administrasjon.

620

Samla meirforbruk er kr 490 204 kr (med korrigerings av feilført bruk av fond). Til rekneskapen har ein følgande korrigerings: Bruk av fond på kr -239 721 er ført på 620, men skulle førast på kr 610, denne føringa er ført på riktig teneste 35300 Avløp, men som sagt på feil ansvar. Korreksjonen er tilsvarande omtala på ansvar 610. På teneste 12010 Administrativ leiing er det eit mindreforbruk på kr 25 766. På teneste 30200 Byggesak er meirforbruket kr 144 419 knytt til svikt i inntektene og meirforbruk på løn og sosiale utgifter. På teneste 30300 Kart og oppmåling er overforbruket på kr 196 261 knytt til mykje høgare utgifter enn budsjettert på løn og sosiale utgifter og noko på kjøp av tenester, men det positive er kr 33 000 i meirinntekter i forhold til budsjett.

På tenestene 32940 og 32951 er det meirforbruk på hhv. Kr 70 950 og kr 53 599 knytt til høgare utgifter til løn og sosiale utgifter. For tenesta 33900 og 36000 er hhv meirforbruk på kr 7571 og mindreforbruk på kr 13 090 som er så små at dei ikkje vert kommentert. For teneste 36020 Fisk og viltforvaltning er meirforbruket kr 56 245 knytt til auka utgifter til løn og sosiale utgifter.

Mål for brukere	Oppnådd i 2013
1. Oppdatert informasjon på heimeside m.m. både i krise/varsling og i vanleg drift	Innført rutiner i 2012. Utedrifta har opplevd positiv effekt. Ved krise/varsling tek AHK ansvaret, men manglar framleis skriftlege rutiner/ansvar for driftssituasjon
2. openheit i planprosessar og meir medverknad i lokalsamfunnsutviklinga	Medverknad og innbyggardialog som ei hovudmålsetjing i samfunnsdelen sitt planprogram. Alle dokument i sakene er tilgjengeleg til ei kvar tid på nettet, aktiv bruk av heimeside for planprosessar. Har sett igang Grend + prosjekt som har mobilisering og lokalsamfunnsutvikling som hovudmålsetjingar.
3. forventningsavklaring til brukarane og halde definert kvalitet på tenestene/sakshandsaming	Vi har informert systematisk i både K-post og på heimeside om ulike drifts- og planoppgåver og spesielt for vinterdrifta vart definert kvalitet presisert for brukarane. Vi får både negative og positive tilbakemeldingar (ulikt forventingsnivå) Ikkje fullt ut målbart.

Mål for personale	Oppnådd i 2013
1. etablere ny organisasjon og arbeide med arbeidsmiljøspørsmål	Ny seksjon for teknisk drift og forvaltning frå 1. januar. Arbeidsmiljøundersøking gjennomført for heile kommunen i 2013 er også følgt opp på seksjonsleiarnivå.
2. avklare ansvar for leiing/fagansvar	Leiarsamtalar/utviklingssamtalar gjennomført i februar. Midlertidig omorganisering og fråvær for seksjonsleiar har medført endra oppgåver, etter avklarande samtalar med rådmannen. Fordeling av oppgåver innan organisering av drift og økonomi på seksjon teknisk drift og forvaltning har gitt positive effektar.
3. fokus på samla arbeidsbelastning ved auka aktivitet/forventningar	Sjå pkt. 2 under økonomi I tillegg har kommunalsjef følgt opp teknisk drift systematisk på oppgåver og arbeidsfordeling, samla arbeidsbelastning er også jamleg tema på postmøter på plan og landbruk. Arbeidstoppar for enkelte er søkt løyst gjennom drøfting av omfordeling av oppgåver, eventuelle mogelege utsetjing av oppgåver og gjennom innleige av prosjektleiing/konsulent.

Mål for utvikling	Oppnådd i 2013
1. betre ressursberedskap og sakshandsamingskapasitet	Sjå pkt 2 for økonomi Ressursberedskap og

	sakshandsamingskapasitet på kjerneområda er redusert på plan og landbruk og for samfunnsutviklar i 2013 på grunn av midlertidig omorganisering og deltaking i mange tverrfaglege prosjekt (NBU, friskhus m.m.)
2. Utvikle ny organisasjon, spesielt avklare samarbeid/avtalar innan byggforvaltning og utvikle tverrfagleg arbeid innan plan og landbruk	Seksjonsleiar teknisk og kommunalsjef har ferdigstilt, gjennom møter med alle berørte seksjonar, byggavtalar. Byggavtalane er ikkje underskrivne, men gjeld for alle. Kultur for tverrfagleg arbeid innan plan og landbruk er godt etablert.
3. Følgje opp planane både innan tettstads-, nærings- og bygdeutvikling – Grend + som utviklingsmetode?	Planprosessar for NBU, gangbru og Sæla er følgt. Næringsforum er etablert med bistand frå SNU. Grend + for Helle og Midtredalen er starta og BU-prosjekt Instedalen vert følgt opp. Kommunedelplanarbeidet i Vevring har blitt utsatt, men tettstadsanalyse gjennomførast.
4. Hovudplan for veg og effektivisering/reduksjon i vegvedlikehaldet	Prosjekt hovudplan veg starta opp med administrativt arbeid i desember. Oppstart av temaplanarbeid i mars 2014
5. Synleggjering og dokumentasjon av behov og tiltak i teknisk drift	Arbeid starta opp, men pga fråvær/sjukmelding/kapasitetsutfordringar er arbeidet utsett i påvente av ny seksjonsleiar.

Tilsette

	2011	2012	2013	2014	2015
620	11,1	10,5	4	4	4
610			8*	8*	8*
600	2	2	2	2	2

*etter omorganisering i 2013 overtek seksjon Teknisk drift og forvaltning 1 driftsansvarleg for bygg frå NBU (var tilsett på ansvar 210)

Inndeling i ansvarsområda/seksjonane frå 1.1. 2013

- Plan og næring (600) Ansvarleg er kommunalsjef Anlaug Kjelstad
- Plan og landbruk (620) Ansvarleg er seksjonsleiar Harald Eikenes
- Teknisk drift og forvaltning (610) Ansvarleg er seksjonsleiar Sissel Vedvik (sjukmelding/fråvær frå september og sa opp i desember)

4.8 Kultur


Handlingsprogram 2013	Gjennomføring 2013
<ul style="list-style-type: none"> • Naustdal kulturskule: byggje opp eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris til alle barn som ynskjer det i samarbeid med lokal kompetanse og andre kulturskular i området. Handling: slå 	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsavtale med Førde kulturskule er inngått. Kulturskuletilbodet vert drifta frå Førde, men undervisninga vert i hovudsak gitt i Naustdal. Per 15.12.13 fekk 45 elevar undervisning.

<p><i>Naustdal kulturskule saman med Førde kulturskule for å sikre eit kulturskuletilbod av god kvalitet til alle barn som ynskjer det, i tråd med Opplæringslova §13-6.</i></p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Naustdal folkebibliotek: utvikle biblioteket til ein tydeleg lokal kulturarena med fokus på fleirbruksfunksjonar. Sjå i samanheng med nybygg NBU/friskhus. 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikling av Naustdal bibliotek til ein tydeleg lokal kulturarena med fokus på fleirbruksfunksjonar har vore del av forprosjektet for nybygg NBU.
<ul style="list-style-type: none"> • Rampen ungdomsklubb: auke rammene for tilbodet og gjere tiltak for å sikre eit trygt oppvekstmiljø i Naustdal. 	<ul style="list-style-type: none"> • Organisasjonsendringar i kommuneadministrasjonen medførte stenging av Rampen ungdomsklubb måndagar.
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle samarbeidet mellom oppvekst og kultur og Naustdal frivilligsentral. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidet mellom kulturkontoret og Naustdal frivilligsentral vart styrka gjennom felles arrangement SandenSøndag/SlettemarkART 2013 og UKM.
<ul style="list-style-type: none"> • Etablere ordning med kulturkontaktar på institusjonar og i grendene, med ansvar for å spreie informasjon om arrangement i heile bygda og leggje til rette ved arrangement i sitt område. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje gjennomført.
<ul style="list-style-type: none"> • Styrke arbeidet med inkludering, kultur og helse: kultur til alle i heile livsløpet <ul style="list-style-type: none"> - Etablere samarbeid på tvers av sektorar for å gjere samanhengar mellom fysisk aktivitet, kultur og folkehelse tydelege. - Prøve ut nye tilbod for utvalde målgrupper, flytte kulturen inn i institusjonar eller på andre arenaer om det er grunnlag for slike løysingar. - Fremje kulturaktivitet som verkemiddel for auka sosial deltaking og samhandling. Stimulere til aktivitetar for "uorganiserte" barn og unge, eldre, sjukdomsgrupper og andre med spesielle behov. 	<ul style="list-style-type: none"> • Musikk-gruppe for bebuarar og kurs i musikkterapi for personale på NAS gjennomført i samarbeid med Musikkterapisenteret ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Del av Den kulturelle spaserstokken. • Distriktsmusikarane har halde konsertar på Gardsbøen. Del av Den kulturelle spaserstokken.
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle kulturlandskapet i kommunen vidare og etablere ei "kulturløype", samt leggje til rette for kunst i offentleg rom. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje gjennomført, men del av utviklingsarbeid og søknader om tilskot.
<ul style="list-style-type: none"> • SlettemarkART: utvikling og organisering av festivalen. <ul style="list-style-type: none"> - Ferdigstille konseptet og innarbeide i lokale planar for skule og barnehage. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje ferdigstilt. SlettemarkART var del av SandenHelg 24.-25. august 2013. Utviklingsarbeid og skuleprosjekt i førebuinga til arrangementet.
<ul style="list-style-type: none"> • Realisere Ambassade for Kjartanistan innan 5 år. 	<ul style="list-style-type: none"> • Muligheitsstudium haust 2012 - vår 2014.
<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere fast årleg tilskot til tiltak, organisasjonar og arrangement som over 	<p>Avklaringar i høve kulturbygg og ev. fast årleg tilskot til lag/ org. vart utsett til 2014</p>

tid har bygd opp og halde ved like det rike kulturlivet i kommunen saman med fleire mindre lag og organisasjonar.

i samabnd med vedtak av revidert *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg 2014-2017*

Naustdal kommune, 14.04.2014



Øyvind Bang-Olsen
Rådmann

16/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring - Prosjektplan

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	21.5.2014	16/14	Ja

Saksvedlegg

Prosjektplan datert 9.5.2014 frå KRYSS-Revisjon: Forvaltningsrevisjonsprosjekt-
Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
RSK001.

Kontrollutvalssak 07/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, Tinging.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet - Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring - Prosjektplan

Innleing – Kva saka gjeld

KRYSS revisjon har lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet - Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 12.02.2014 sak 07/14 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring» handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Tingingsdokumentet for prosjektet – «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring» vert godkjent.*
2. *Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.*
3. *KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.*

Tinginga i sak 07/14 vart sendt til KRYSS-Revisjon med e-post datert 13.02.2014.

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonalisere problemstillingen(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Kommunerevisjonen i KRYSS- revisjon har lagt fram prosjektplan for prosjektet. Det vert vist til prosjektplanen, for nærare detaljar om innhaldet.

Naustdal kontrollutval
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dyktar ref.:

Vår ref.:
cl

Arlivkode:
216

Journalnr.:
020/2014

Dokumentdato:
09.05.2014

PROSJEKTPLAN – «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring»

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:	
Tittel på prosjektet:	<i>Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring.</i>
Tingar:	Naustdal kontrollutval
Revisjonseining:	KRYSS Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim
Dato for prosjektplanen:	09.05.2014
Versjon av prosjektplan	Versjon I

TINGINGA – KONKRET:	
Problemstillingane:	<ul style="list-style-type: none">- Føl leiinga for pleie og omsorg regelverk for IA-verksemd:<ul style="list-style-type: none">o Rapporteringo Rutinaro Interne styringsdokumento Avviksstyring- Føl leiinga for pleie og omsorg regelverk for økonomistyring innan:<ul style="list-style-type: none">o Rapporteringo Rutinaro Interne styringsdokumento Avviksstyring <p>Revisor får avgjerdsmynde til å avgrense prosjektet, og rapporterer dette til SEKOM- sekretariat</p>

Tidsrommet revisjonen femnar om:	2013	
Revisjonsskjelder/-kriterium:	IA – avtalen	- Utleiing av spesifikke kriterier vil bli gjort, når vi får nærare kunnskap om kva IA- avtalen inneber av pliktar for kommunen som arbeidsgjevar
	Lokale styringsdokument	- Utleiing av spesifikke og konkrete kriterier vil bli gjort når vi har analysert kommuneinterne styringsdokument ala økonomireglement og liknande.
		-
Metodebruk	Dokumentanalyse og ved behov også samtalar med tilsette som er sentrale i høve problemstillingane	
Tidsbruk i prosjektet	Vi skal forholde oss til dei tildelte ressurstimane som ligg i avtalen mellom Naustdal kommune og KRYSS Revisjon	

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:

Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregåande sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	25
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	37,5
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	7,5
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	7,5
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	7,5
Rapportskriving	150
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	37,5

Om tinginga konkret.

I eit arbeidsmøte mellom SEKOM sekretariat og forvaltningsrevisorane i KRYSS Revisjon vart problemstillingane i tingingsdokumentet drøfta, problematisert konkretisert og avgrensa.

Vi har pr i dag denne tilnærminga til problemstilling under første kulepunkt:

«Regelverk for IA- verksemd» meiner vi må forståast som den faktiske avtalen som NAV og Naustdal kommune ved arbeidsgjevar- og arbeidstakersida har inngått.

Vi meiner difor at vi jf mynda gjeve til å avgrense prosjektet, må kunne kontrollere i eit samla kontrollpunkt om kommunen faktisk etterlever og rapporterer til NAV det dei har avtala.

Når det gjeld «avviksstyring» er vår konkretisering og forståing at vi gjer revisjon mot sjølve innhaldet i og status for kommunen sin rapportering til NAV.

I kulepunkt to forutset vi at omgrepet « økonomistyring» gjeld kommuneinterne styringsdokument som dømesvis økonomireglement ol.

Vi vel å avgrense kontrollen mot økonomistyring til å gjelde om seksjonen rapporterer det dei skal til rett tid i høve interne økonomistyringsdokument.

Vi vel også å forstå «avviksstyring» som ei oppgave der vi i revisjonen kontrollerer om rådmannen har ein faktisk eigenkontroll mot eininga i høve deira rapportering eller evt mangel på slik.

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til oppstartsmøte, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingingsdokumentet. Mai/juni
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Juni/august
3. Skrivefasen i september.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. Oktober.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet i Naustdal. November.
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar pr i dag med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen sett i tinginga. Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh



Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning

17/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 NAUSTDAL

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	21.5.2014	17/14	Ja

Saksvedlegg:

Oppfølgingsliste 2-2014 Naustdal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 2-2014 Naustdal vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 NAUSTDAL

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet mellom anna sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 8.5 2014.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på siste møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

Oppfølgingsliste 2-2014 - Naustdal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå førre møte vert ståande til etter neste møte til informasjon.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrappr frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om status over pågåande inv.prosjekt -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avsluttet 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar. Sjå sak 36/12
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. Luftkammuseet – Er drift av Luftkammuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?.
026/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.			17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orientering om Naustdal kommune sin eigarskap i selskap»
033/12 Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Rådmannen si orientering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune vert teken til vitande. - Kommunen har sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. - Kommunen vil møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.
036/12 Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir ber om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
039/12 Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtalar.	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: -Kommunestyret viser til rapporten "Vurdering vassverkavtalar" utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19.november. 2012.

			-Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande 04.12.12 Sendt til kommunestyret. Oppfølging på 1. møte i 2014
042/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.
028/13 Oppfølgingsliste 3-2013 – Naustdal.	29.08.13		29.08.13 Vedtak i KU: Oppfølgingslist 3-2013 Naustdal vert teken til vitande. - Avventar kommunestyre si handsaming av Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtala
33/13 Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune.	18.12.13		Vedtak: Orientering om sektor skule og kultur : Naustdal kommune vert teke til vitande.
34/13 Orientering - oppfølging av arbeidet med trafikktryggingssplanen i Naustdal kommune.	18.12.13		Vedtak: Orientering om arbeidet med trafikktryggingssplanen i Naustdal kommune vert teke til vitande.
37/13 Tinging av undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune – Status	18.12.13		Vedtak: Kontrollutvalet ber kommunestyret pålegge administrasjonen å følgje rutinar for prosjektstyring i Naustdal kommune, slik at sluttrapport/rekneskap for investeringsprosjekt over kr 500.000 vert lagt fram for politisk handsaming innan 1.5.2014.
01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	12.02.14		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
02/14 Skriv og meldingar	12.02.14		Vedtak : Skriv og meldingar vert teke til vitande
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Naustdal	12.02.14		Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal for 2014 vert godkjent, med følgjande vidare datoar: 21. mai, 25. august og 12. desember..
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Naustdal	12.02.14		Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent. 13.02.2014 sendt Naustdal kommune. 20.03.2014 handsama i kommunestyret, sak 5/14
05/14 Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap	12.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Naustdal kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 8.1.2014 t vitande.
06/14 Oppfølging av revisjonsrapport: Vurdering av vassverkavtalar	12.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet ber administrasjonen legge rapporten «Vurdering av vassverkavtalar» fram for handsaming i kommunestyret på neste møte. 13.02.2014 sendt Naustdal kommune. 20.03.2014 handsama i kommunestyret sak 6/14
07/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, Tinging	12.02.14		Vedtak: 1. Tingingsdokumentet for prosjektet – «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring» vert godkjent. 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. 3. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møt for å gje tilbakemelding på tinginga. 13.02.2014 sendt KRYSS-Revisjon.
08/14 Framdriftsplan – Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune	12.02.14		Vedtak: Framdriftsplan frå Naustdal kommune i samband med Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune vert teke til vitande.

09/14 Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen	12.02.14		Vedtak: Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen vert teke til vitande.
10/14 Oppfølgingsliste 1-2014 – Naustdal.	12.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet etterspør eigarskapsstrategi og eigarmelding som skulle vere utarbeidd av Naustdal kommune innan 1.5.2013, jfr kontrollutvalssak 42/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap, handsama 3.12.2012. Oppfølgingslist 1-2014 Naustdal vert elles teke til vitande. 13.02.2014 sendt Naustdal kommune.
11/14 Eventuelt	12.02.14		Vedtak: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
12/14 Rutinar for investeringsprosjekt i Naustdal kommune	12.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet ber administrasjonen om å fremje saka om godkjenning av rutinar for investeringsprosjekt i Naustdal kommune i eiga sak. Kontrollutvalet vil også be om at punkt nr 2.7 o punkt 2.9 vert endra til: 2.7 Plan og byggenemda fremjar revidert prosjektrekneskap og evaluering av prosjektet når dette er å sjå som heilt avslutta. Rekneskap og sluttrapport for prosjekt som har ein totalkostnad over kr 500.000 skal leggest fram for kontrollutvalet før handsaming i kommunestyret. 2.9 Det vert laga handbok for investeringsprosjekt og oppfølging innan 30.6.2014. 13.02.2014 sendt Naustdal kommune. 20.03.2014 handsama i kommunestyret sak 7/14

8.5.2014 arva

18/14 EVENTUELT

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	21.5.2014	18/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.